



# Ot.prp. nr. 68

(2003–2004)

---

Om lov om endringar i skatte- og  
avgiftslovgivinga mv.



# Innhold

<b>1</b>	<b>Innleiring .....</b>	<b>5</b>	<b>5.1</b>	Frådrag for inngående meirverdiavgift på kjøp og drift o.a. av varebil klasse 1 .....	17
<b>2</b>	<b>Individuelle livrenter og kapitalforsikringar utan garantert avkastning .....</b>	<b>6</b>	<b>5.2</b>	Kjøp av tenester frå Svalbard og Jan Mayen .....	18
2.1	Innleiring og samandrag .....	6	5.3	Presisering av retten til frådrag for inngående meirverdiavgift ved kjøp av personkjøretøy .....	18
2.2	Individuelle livrenter .....	6			
2.2.1	Gjeldande rett .....	6			
2.2.1.1	Livrenter med full skatteplikt .....	6			
2.2.1.2	Livrenter med avgrensa skatteplikt .....	6			
2.2.1.3	Livrenter og tap .....	7	<b>6</b>		
2.2.2	Høyringa .....	7		<b>Endringar i lov 12. desember 2003 om kompensasjon av merverdiavgift for kommuner, fylkeskommuner mv. ....</b>	19
2.2.3	Synspunkt frå høyringsinstansane ...	7			
2.2.4	Departementet sine vurderingar og forslag .....	7			
2.3	Kapitalforsikringar .....	8	<b>7</b>	<b>Jordbruksfrådraget .....</b>	21
2.3.1	Gjeldande rett .....	8	7.1	Samandrag .....	21
2.3.2	Høyringa .....	9	7.2	Bakgrunn for forslaget .....	21
2.3.3	Synspunkt frå høyringsinstansane ...	9	7.3	Departementet sine vurderingar og forslag .....	21
2.3.4	Departementet sine vurderingar og forslag .....	9	7.3.1	Innleiring .....	21
2.3.4.1	Klarare heimlar .....	9	7.3.2	Ved og anna biobrensel .....	21
2.3.4.2	Kapitalforsikringar og tap .....	10	7.3.2.1	Innleiring .....	21
2.3.4.3	Kapitalforsikringar og arveavgift .....	10	7.3.2.2	Særskilte problemstillingar .....	21
2.4	Økonomiske og administrative konsekvensar .....	10	7.3.3	Andre særskilte spørsmål knytta til jordbruksfrådraget .....	22
			7.4	Økonomiske og administrative konsekvensar .....	23
<b>3</b>	<b>Likning av ektefellar, foreldre og barn .....</b>	<b>11</b>	<b>8</b>	<b>Tilpassing av reglar i skatteinflasjonslova, likningslova og skattelova som følgje av endringar i reglane om offentleggjering av skattelistene ...</b>	24
3.1	Innleiring .....	11			
3.2	Oversikt over endringsforsлага .....	11			
3.3	Høyringsutkast av 18. mars 2004 .....	12			
3.4	Merknader frå høyringsinstansane ..	12			
3.5	Departementet sine vurderingar og forslag .....	12			
3.5.1	Særskilt likning av inntekta til ektefellar – formue .....	12	<b>9</b>	<b>Retting og presisering av lovtekst</b>	25
3.5.2	Overføring av formue eller rett til inntekt til ugift barn under 20 år .....	12	9.1	Likningslova .....	25
3.5.3	Likning av barn si inntekt og formue .....	13	9.1.1	Presisering av likningskontora si myndighet til å gjere vedtak om tilleggsskatt .....	25
3.6	Deling av skatt mellom ektefellar .....	14	9.1.2	Likningslova § 6–13A .....	25
3.7	Presisering i skattelova § 2–16 .....	14	9.1.3	Likningslova § 8–10 .....	25
3.8	Fordeling av foreldrefrådrag .....	15	9.1.4	Likningslova § 9–8 nr. 4 .....	25
3.9	Ikkraftreding .....	15	9.2	Svalbardskattelova .....	26
			9.3	Skattelova .....	26
<b>4</b>	<b>Skattefritak for utbetalingar frå kompensasjons- og oppreisings- ordning for pionerdykkarar .....</b>	<b>16</b>	9.3.1	Skattelova § 2–30 .....	26
			9.3.2	Skattelova § 6–3 femte ledd .....	26
<b>5</b>	<b>Endringar i meirverdiavgifts- lovgjevinga .....</b>	<b>17</b>		<b>Forslag til lov om endringar i skatte- og avgiftslovgivinga mv. ....</b>	27





# Ot.prp. nr. 68

(2003–2004)

## Om lov om endringar i skatte- og avgiftslovgivinga mv.

*Tilråding fra Finansdepartementet av 11. mai 2004,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Bondevik II)*

### 1 Innleiing

Finansdepartementet gjer med dette framlegg til lov om endringar i skatte- og avgiftslovgivinga mv.

I proposisjonen inngår:

- framlegg om heimel i skattelova for frådrag for tap ved negativ avkastning på livrenter og kaptalforsikringar utan garantert avkastning, og nokre klargjeringar og justeringar av regelverket for slike produkt
- framlegg om visse endringar i skattelova for å gjere likninga av samskattlagde skattytarar meir rasjonell
- framlegg om innføring av skattefritak for utbetalinger frå statleg kompensasjons- og opprulingsordning for pionerdykkarar
- framlegg om endring i reglane om frådrag for inngående meirverdiavgift på kjøp og drift o.a. av varebil klasse 1
- framlegg om endring av meirverdiavgiftsreglane for kjøp av tenester frå Svalbard og Jan Mayen

- framlegg om presisering av reglane om frådrag for inngående meirverdiavgift ved kjøp av personkjøretøy
- framlegg om visse endringar i lova om kompensasjon av meirverdiavgift for kommunar, fylkeskommunar mv.
- framlegg om at inntekt frå produksjon av biomasse til energiformål kan gå inn i jordbruksinntekta og dermed gi grunnlag for utrekning av jordbruksfrådrag
- framlegg om tilpassing av reglar i skattebetalingslova, likningslova og skattelova som følge av endringar i reglane om offentleggjering av skattelistene
- framlegg om retting og presisering av lovtekst i likningslova, svalbardskattelova og skattelova

## 2 Individuelle livrenter og kapitalforsikringar utan garantert avkastning

### 2.1 Innleiing og samandrag

Skattereglane for individuelle livrenter og kapitalforsikringar blei utforma i ei tid der livsforsikrings-selskapa alltid garanteerte ei viss avkastning på sparedeleien av innbetalte midlar. Dei seinare åra har det vore mogleg å teikne avtalar med investeringsval og *utan* garantert avkastning. Sparedeleien av premien blir da plassert i fond etter forsikringstakaren sitt val, innanfor ramma av det selskapet tilbyr av plasseringar. For slike avtalar er det kunden som har risikoen for avkastninga, samstundes som det er forsikringsselskapet som eig fondsdelane. Kunden har berre eit krav på å få utbetalt ein sum tilsvarende nettoverdien av investeringane. Det inneber at både dei individuelle livrentene og kapitalforsikringane kan gje *negativ avkastning* (tap) på sparemidlane.

Departementet legg med dette fram eit forslag om endringar i skattelova slik at skattereglane blir tilpassa individuelle livrenter og kapitalforsikringar med investeringsval utan garantert avkastning. For livrenter foreslår departementet ein heimel for frådrag for det tapet av sparemidlane som kan oppstå i avtalar utan avkastningsgaranti. Når det gjeld kapitalforsikringar utan garantert avkastning, foreslår departementet ein klarare heimel for skattlegging og ei klargjering av når avkastninga skal skattlagt. Departementet foreslår og ein heimel for frådrag for tap frå slike avtalar. Samstundes inneheld forslaget ei endring av arveavgiftslova slik at ein ikkje skal svare arveavgift på den delen av utbetalinga frå ei kapitalforsikring utan garantert avkastning som blir betalt i skatt.

Departementet legg vekt på at både individuelle livrenter og kapitalforsikringar må ha eit ikkje uvesentleg forsikringselement for å bli skattlagt som forsikringsavtalar.

Forslaget gjeld ikkje individuelle livrenter som blir skattlagde etter dei særlege reglene som gjeld for individuelle pensjonsavtaler etter skattelova (IPA).

Departementet foreslår at endringane tek til å gjelde frå og med inntektsåret 2004.

### 2.2 Individuelle livrenter

#### 2.2.1 Gjeldande rett

Individuelle livrenter utan avkastningsgaranti skal i utgangspunktet skattleggjast som ordinære livrenter.

Individuelle livrenter *med* garantert avkastning blir tildelt ei viss avkastning årleg. Sjølv om avkastninga er tilordna polisen med endelig verknad, følger det av skattereglane at den ikkje er skattepliktig før den blir utbetalt frå forsikringa. For forsikringar *utan* garantert avkastning er den årlege avkastninga endringa i marknadsverdien i dei underliggende verdipapira, med frådrag for kostnader. Det er først ved utbetalinga at avkastninga kan bli endelig fastsett.

##### 2.2.1.1 Livrenter med full skatteplikt

Etter hovudregelen i skattelova § 5–1 første ledd er fordel vunne ved livrente skattepliktig som alminneleg inntekt. Skattlegginga skjer ved utbetaling av livrenteterminane. Utgangspunktet er at heile utbetalinga skattleggjast. Så lenge heile terminutbetalinga blir skattlagd, treng ein ikkje å sondre mellom avkastning og innbetalte midlar. For livrenter med full skatteplikt gir gjeldande reglar tilfredstillande løysingar for avtalar utan garantert avkastning når avkastninga er *positiv*. Sjå punkt 2.2.1.3 for tilfeller med *negativ* avkastning (tap).

Vanlegvis blir det teikna avtalar med *avgrensa* skatteplikt i Noreg, der berre avkastninga på sparemidlane blir skattlagd, sjå punkt 2.2.1.2 nedanfor. Men reglane om full skatteplikt vil til dømes vere aktuelle for ei del utanlandske avtalar.

##### 2.2.1.2 Livrenter med avgrensa skatteplikt

Skatteplikta er i dei fleste tilfelle avgrensa til den del av livrenta som ikkje blir rekna som tilbakebetaling av innbetalte premiar, jf. skattelova § 5–41. Det gjeld berre for livrenter i selskap som har eller har hatt løyve til å drive forsikringsverksemnd her i landet. Det er eit vilkår i § 5–41 at livrenta følgjer fastsette vilkår, og at det ikkje er gitt frådrag for premien ved likninga. Vilkåra og utrekning av skat-

tepliktig inntekt er regulert i forskrift av 19. november 1999 nr. 1158 til utfylling og gjennomføring m.m. av skattelova av 26. mars 1999 nr. 14 (FSFIN) § 5-41.

Også for livrenter med avgrensa skatteplikt gir gjeldande regler tilfredstillande løysingar for livrenter utan garantert avkastning, så lenge avkastninga er *positiv*:

Reglane om utrekning av den skattepliktige inntekta varierar etter typen av forsikringsavtale. For livrenter som nemnt i FFSIN § 5-41-2 bokstavane a-d, skal den skattepliktige avkastninga reknast som differansen mellom årets ytingar og eit årlig frådragsbeløp, jf. FFSIN § 5-41-3 første ledd. Etter andre ledd i forskrifta er frådragsbeløpet summen av alle dei innbetalte premiane dividert på talet på dei åra livrenta skal løpe. Beløpet kan såleis fastsettast på same måte for avtalar med og utan garantert avkastning.

Årets ytingar kan ikkje fastsetjast på førehand for livrenter utan garantert avkastning. Ytingane er avhengige av marknadsverdien på dei underliggende fondsdelane. Den terminvise utbetalinga skal utgjere verdien på utbetalingstidspunktet dividert på talet for gjenståande terminar inklusive den aktuelle. Vi viser til FFSIN § 5-41-9, som sist blei endra ved forskrift av 27. juni 2003 nr. 874.

FFSIN § 5-41-3 gjeld tilsvarande for overlevingsrenter etter FFSIN § 5-41-2 bokstavane e-g. Når frådragsbeløpet for dei sistnemnte produkta skal utrekna, blir forsikringa sin avbrotsverdi lagt til grunn. Det same gjeld for ektefellerente og livrente med garanti som tek til å løpe på grunn av dødsfall før oppnådd alder etter polisen. Departementet legg til grunn at det å bruke avbrotsverdien for avtalane med investeringsval ikkje inneber eit skattemessig problem.

For uførerenter etter FFSIN § 5-41-2 bokstav j skal det ikkje fastsetjast nokon differanse. Her blir 20 prosent av terminutbetalinga rekna som skattepliktig inntekt. Dette er livrenter som ikkje har sparelement, og som derfor ikkje er av interesse i denne samanheng. Barnerente er unntatt frå skatteplikt, jf. FFSIN § 5-41-5.

#### 2.2.1.3 Livrenter og tap

For livrenter med investeringsval kan verdiane av dei underliggende fondsdelane bli så låg at ein får eit tap (negativ avkastning) på innbetalte midlar.

Skattelova har særlege reglar om livrenter. Desse særreglane regulerar ikkje tap. Den positivrettslege reguleringa på området inneber at særreglane er uttømmande. Dei kan ikkje supplerast av meir generelle reglar som skattelova § 6-2 om tap

ved avhending av formuesgode. Etter departementet si vurdering kan rett til frådrag heller ikkje tolkast ut av det regelverket som gjeld for skattlegging av livrenter. Departementet har uttalt seg om frådrag for tap i eit brev av 26. november 2001 til eit advokatfirma (Utv. 2002 side 174):

«I den grad det årlige fradragssbeløpet etter FFSIN § 5-41-3 overstiger terminutbetalingen, vil det oppstå spørsmål om frådrag for tap i innskutt kapital. I denne særskilte reguleringen av skatteplikten finnes det ingen konkret fradragshjemmel for slikt tap. Departementet antar at rett til frådrag ikke kan innfortolkes i regelverket, og at det dermed ikke er adgang til å kreve frådrag for tap på innskutt kapital under en livrenteforsikring med investeringsvalg.»

#### 2.2.2 Høyringa

Departementet sende den 17. desember 2003 ut eit høyningsnotat. I notatet foreslo departementet ei endring av skattelova med heimel for frådrag for tap på sparedelen av ei individuell livrente utan garantert avkastning, frå og med inntektsåret 2004.

#### 2.2.3 Synspunkt frå høyningsinstansane

Dei av høyningsinstansane som har hatt merknader til forslaget om individuelle livrenter, har vore positive til at det vert gjeve ein klar heimel for frådrag for tap.

Finansnæringens Hovedorganisasjon uttalar i tillegg følgjande:

«Vi tolker de foreslalte reglene slik at fradragssetten gjelder for hele forsikringstiden og at de tap kundene har hatt i utbetalingstiden i disse årene kan komme til frådrag ved senere utbetalinger.»

#### 2.2.4 Departementet sine vurderingar og forslag

Av framstillinga ovanfor går det fram at *tap* på livrenter ikkje er regulert i gjeldande regelverk. På dette punktet er det etter departementet si vurdering behov for nærmare reglar.

Når kunden har heile risikoen for avkastninga og den positive avkastninga er skattepliktig, taler det for frådragsrett for tap av innskoten kapital. Etter departementet sitt syn er det rimeleg at hovudregelen blir symmetri mellom skatt på positiv avkastning og inntektsfrådrag for tap for dei avtalane som er omfatta av forslaget.

Spørsmålet om frådragsrett gjeld i utgangspunktet både livrenteterminar som skattleggjast

fullt ut etter § 5–1 og livrenter med avgrensa skatteplikt etter § 5–41 og FSFIN § 5–41. I begge høve er det ein risiko for at det kan bli utbetalt mindre enn innbetalte premiebeløp for sparedelen av forsikringa eller atkjøpsverdien.

Etter departementet si vurdering er det ikkje behov for nokon heimel for frådrag for livrenter med *full skatteplikt*. Dersom det er innbetalte ein premie på i alt 100 og det berre blir utbetalt 80, er det 80 som inngår i grunnlaget for alminneleg inntekt. Den negative avkastninga på 20 er det tatt omsyn til ved at det berre er dei 80 som skattleggjast.

Det er etter dette berre aktuelt å sjå nærmare på livrenter med *avgrensa skatteplikt*. For livrenter etter FSFIN § 5-41-2 bokstavane a-d er det mogaleg å fastsette tap på ein enkel måte. Det kan defineraast som ei negativ differanse etter FSFIN § 5-41-3. Departementet legg til grunn at dette utgjer hovudtyngda av dei livrentene der det er rimeleg at det skal vere symmetri mellom skattlegging av positiv avkastning og frådrag for tap. Departementet legg også til grunn at det verken likningsteknisk eller administrativt er vanskeleg med ein heimel for frådrag for negativ avkastning.

For livrenter etter FSFIN § 5-41-2 bokstavane e til h blir forsikringa sin avbrottsverdi lagt til grunn ved utrekninga av skattepliktig inntekt i staden for summen av innbetalte premiar. Etter departementet si oppfatning gir dette eit tilstrekkeleg grunnlag for å fastsette tap.

Etter skattelova er det ein føresetnad for frådrag at tapet er endeleg. Det inneber at ei endring av marknadsverdien fram til utbetalingsperioden ikkje gir grunnlag for frådrag. I utgangspunktet er det først ved siste utbetaling frå livrenta at det endelege tapet kan fastsetjast. Departementet meiner likevel at ein negativ differanse som definert ovanfor, gir eit tilstrekkeleg grunnlag for å seie at tapet er endeleg etter skattelova. Ei slik løysing er praktisk både for skattytarane, forsikringsselskapa og likningsmyndigheitene.

Det blir så eit spørsmål om *kven som skal ha rett til frådrag*. Det er eit alminneleg skatterettsleg prinsipp at rett til frådrag krev ei såkalla oppofring for skattytar, det vil seie at tapet må være endeleg for vedkommande. Tap av innbetalte midlar er utvilsamt ei oppofring etter skattelova når livrentetermiane vert utbetalte til forsikringstakar. Det kan stila last spørsmål ved om den som mottek ubetalingar frå ei livrente som andre har innbetalte premie til, verkeleg har hatt eit tap.

Departementet legg til grunn at retten til frådrag ikkje berre bør gjelde for forsikringstakar. Skatteplikt for ei positiv avkastning er lagt på den som mottek utbetalinger. Livrenteforskrifta har så-

leis særreglar om tilordning av inntekt. Dei bør gjelde utan omsyn til om avtalen gir positiv avkastning eller tap. Ei slik løysing gir symmetri mellom skattepliktig positiv avkastning og frådrag for tap.

På bakgrunn av det ovannte foreslår departementet ein regel i skattelova § 6–47 nytt andre ledd om rett til frådrag for tap av innskoten kapital for livrenter utan avkastningsgaranti etter skattelova § 5–41, og at departementet blir gitt fullmakt til å gi reglar til gjennomføring og utfylling. Forslaget til skattelova § 6–47 nytt andre ledd gir etter departementet sitt syn ikkje rett til frådrag for tap i tidlegare inntektsår enn for det året der ein krev frådrag. Departementet viser her også til det som er sagt ovanfor om korleis ein har tenkt seg at tapet skal fastsettast.

## 2.3 Kapitalforsikringar

Kapitalforsikring kan anten avlastast som ei rein risikoforsikring eller som ei kombinert forsikring. Den kombinerte forsikringa har både ein risikodel og ein sparedel. Forslaget her gjeld *sparedelen* i ei kombinert kapitalforsikring med investeringsval og utan avkastningsgaranti.

### 2.3.1 Gjeldande rett

Etter skattelova § 5–20 anna ledd er den årlege avkastninga på sparedelen av ei kombinert kapitalforsikring skattepliktig. Det er fastsett reglar om utrekning av den årlege avkastninga i FSFIN § 5–20. Etter FSFIN § 5-20-3 bokstav e er den definert som avkastninga i eit år av oppsparinga under forsikringa, utrekna etter reglane i forskrifta. Utgangspunktet er at årsavkastinga er sparesaldoen ved utgangen av året med frådrag for premien o.a. Avgrensing av skatteplikta følgjer av FSFIN § 5-20-7.

For kapitalforsikring med *garantert avkastning* blir avkastninga tilordna kontrakten kvart år. Med unntak for ein mogaleg del av tilleggsavsetningar og kursreservar, er avkastninga endeleg tilordna polisen. Tilleggsavsetningar og kursreservar blir tilordna polisen med endeleg verknad først når forsikringstilfellet inntrer, ved avtalen sitt tidspunkt for opphør eller ved atkjøp. Etter det departementet har fått opplyst, er ei slik handtering av tilleggsavsetningane og kursreservane vel etablert praksis.

Avkastning som er endeleg tilordna polisen er innvunne og tidfesta i det inntektsåret tilordninga skjer. På bakgrunn av det som er sagt ovanfor om del av tilleggsavsetningar og kursreservar, er det først ved utbetaling frå forsikringa at denne del av avkastninga er skattepliktig.

I ei kapitalforsikring med investeringsval *utan garantert avkastning* er avkastninga endringa i marknadsvarden i dei underliggende fondsdelane, med frådrag for kostnader til forsikringsselskapet. Slik avkastning fell inn under det alminnelege omgrepene *fordel* i skattelova og skattelova § 5–20. Departementet har i brev av 27. november 2001 til eit advokatfirma (Utv. 2002 side 176) uttalt at praksisen om tilleggsavsetningar m.m. og kan nyttast på kapitalforsikring utan garantert avkastning:

«Denne praksisen må etter departementets vurdering kunne videreføres og utvides til å gjelde avkastning i form av endret markedsverdi. For kapitalforsikring med investeringsvalg innebærer dette at avkastningen på innbetalt kapital først blir skattepliktig ved utbetalingen.

Også reelle hensyn tilsier en slik løsning. Når forsikringstaker har den fulle risikoen for plasseringen, er det nærliggende å trekke en sammenligning med den situasjon at forsikringstaker er formell eier av de underliggende verdipapirene. I så fall ville avkastningen bli skattepliktig som gevinst ved realisasjon.

Departementet har etter dette kommet til at avkastning på kapitalforsikring med investeringsvalg skal skattlegges som alminnelig inntekt etter § 5–20 når forsikringstilfellet inntrer, ved avtalt opphør eller ved gjenkjøp.»

Med omsyn til *tap* viser departementet til det som er uttalt ovanfor under avsnittet om individuelle livrenter og til brev av 27. november 2001 (Utv. 2002 side 176) der Finansdepartementet uttaler:

«Det foreligger ingen direkte hjemmel for frådrag for tap under en kapitalforsikring, verken i lov eller forskrift. Det er departementets oppfatning at en slik hjemmel ikke kan innførtolkes i regelverket. Det foreligger derfor i dag ingen adgang til å kreve frådrag for negativ avkastning under en kapitalforsikring med investeringsvalg.»

### **2.3.2 Høyringa**

Departementet sende den 17. desember 2003 ut eit høyringsnotat med forslag om å gi ein heimel for frådrag for tap for kapitalforsikringar utan garantert avkastning. Notatet inneholdt vidare forslag til endringar i skattelova som gjer reglane om skatteplikt for avkastning klarare for avtalar utan garantert avkastning. Forslaget frå departementet inneholdt også ei endring av arveavgiftslova slik at ein ikkje skal svare arveavgift av heile utbetalinga frå forsikringa før skatt, men berre av netto utbetaling etter skatt.

### **2.3.3 Synspunkt frå høyningsinstansane**

Dei av høyningsinstansane som har hatt merknader, er positive til ei klargjering av reglane for kapitalforsikringar og ein klar heimel for frådrag for tap.

Skattebetalerforeningen har ein merknad til omgrepet «avkastning» i forslaget til endringar av skattelova §§ 5–20 og 5–21:

«Det er her ikke tale om noe avkastning på linje med for eksempel renter på bankinnskudd, eller avkastning på livsforsikring som forsikringsstaker får utbetalt. Dersom forsikringsbeløp som investeres i aksjer/verdipapirer/fond el. under en slik forsikringsordning vil skatteplikten gjelde gevinsten på det investerte ved realisasjon. Dersom forsikringstaker bytter fond, investerer i andre aksjer underveis, utløser ikke dette beskatning, men slike gevinstar eller tap underveis akkumuleres til en endelig gevinst/tap som først får betydning på opphørstidspunktet. Vi mener på denne bakgrunn at det blir misvisende å bruke ordet «avkastning» i disse bestemelsene når det som i realiteten beskattes er akkumulert gevinst.»

Finansnæringens Hovedorganisasjon har følgjande merknad til forslaget til endring av § 5–20 andre ledd:

«Når det gjelder de foreslalte endringene i skattelovens § 5–20 annet ledd, legger vi til grunn at kapitalforsikringer med garantert avkastning skal beskattes årleg og at kapitalforsikringar uten garantert avkastning skal beskattes først på utbetalingstidspunktet. Vi mener denne forskjellen i tidspunktet for beskatning ikke kommer klart nok frem i det foreslalte utkastet. Det er uklart hva som menes med «årleg avkastning» og «annen avkastning» i § 5–20 annet ledd a) og b).»

Skattedirektoratet uttalar at «begrepet livsforsikring med investeringsvalg bør innarbeides i regelverket».

### **2.3.4 Departementet sine vurderingar og forslag**

#### **2.3.4.1 Klarare heimlar**

Heimelen for å skattlegge positiv avkastning er tilstrekkeleg klar når det er forsikringstakar som mottek utbetaling frå forsikringa. Det visast til departementet sitt brev av 27. november 2001 (Utv. 2002 side 176), som er avgrensa til dei tilfella der forsikringstakar og sikra er same person. Ei slik avgrensing er ikkje utrykkelig uttalt i brevet, men går klart fram av samanhengen og av at det er vist til skattelova § 5–20 andre ledd. Skattelova § 5–20

andre ledd regulerar innvinning, sjølv om det også følgjer av ordlyden at forsikringstakar er skattesubjekt.

Derimot er det *naudsynt med ein heimel for skattlegging av avkastninga ved utbetaling til andre enn forsikringstakar*. Det mest vanlege vil vere utbetaling til den som er sikra etter avtalen. Men utbetaling kan også skje til arvingar etter forsikringstakar eller til eit dødsbu. Ingen av disse tilfella fell inn under ordlyden i gjeldande § 5–20 andre ledd. Departementet foreslår på denne bakgrunn ei endring av § 5–20 andre ledd bokstav b for å gi heimel for skattlegging.

Etter departementet sitt syn er det naturleg å bruke omgrepet «avkastning» i lovteksta og ikkje «gevinst», slik Skattebetalerforeningen har teke til orde for. Det gjeld eit forsikringsprodukt der sparemidlane blir plasserte på ein annan måte enn ved ordinær kapitalforsikring. Departementet viser til at kunden berre har krav på nettoverdien av dei underliggende fondsdelane, og at selskapet ikkje har ei plikt til å realisere fondsdelane for å dekke dette kravet ved utbetaling frå forsikringa.

Etter departementet si vurdering er forslaget til § 5–20 andre ledd bokstav b i realiteten inga skatteskjerping for mottakar. Mottakaren vil som tidlegare kunne disponere nettobeløpet etter skatt.

Departementet foreslår også enkelte endringar i ordlyden i § 5–20 andre ledd bokstav a for å gjere lovteksten *meir oversiktleg og tydeleg*. Departementet har teke omsyn til merknader frå høyringsinstansane om at føresegna bør skilje klarare mellom avtalar med garantert avkastning og avtalar med investeringsval utan garantert avkastning. Forslaget på dette punktet er berre av lovteknisk art.

Som ein konsekvens av forslaget til endring av skattelova § 5–20 andre ledd bokstav b, foreslår departementet ei endring av § 5–21.

Det kan reisast spørsmål om det er behov for å fastsette reglar i *forskrift* om kva som er *skattepliktig avkastning*. Departementet går ut i frå at ein inntil vidare ikkje treng ei slik regulering. Utbetaling frå forsikringa vil normalt vere eit eingongsbeløp. Då vil skattepliktig avkastning vere brutto marknadsverdi på premiemidlane med frådrag for kostnader til forsikringsselskapet og summen av innbetalte premiar. Der det er avtalt fleire utbetalingar vil utrekninga bli tilsvarande, men frådraget for innbetalte premier blir ein forholdsmessig del. Ved fem utbetalingar vil frådraget utgjere ein femtedel av summen av innbetalte premiar.

Skattelova § 14–21 regulerar tidfesting av skattepliktig avkastning for ei kapitalforsikring. Etter departementet sitt syn gjeld den berre ordinære kapitalforsikringar med garantert årleg avkastning.

Dette skuldast at årsoppgjeren i forsikringsselskapet ikkje vert fastsett før året etter oppteningsåret. Når det gjeld kapitalforsikringar med investeringsval, har kunden berre krav på nettoverdien av sparemidlane. Denne vert fastsett utan omsyn til resultatet i forsikringsselskapet.

#### 2.3.4.2 Kapitalforsikringar og tap

Det er dei same omsyn som talar for symmetri mellom skatt på positiv avkastning og frådrag for tap for kapitalforsikringar som for livrenter. Departementet foreslår at det blir gitt frådrag i alminnelig inntekt for tap i skattelova § 6–47 nytt andre ledd. Tap føreligg når differansen som er omtala ovanfor er negativ.

Vurderinga av kven som skal ha rett til frådraget blir den same som for individuelle livrenter.

#### 2.3.4.3 Kapitalforsikringar og arveavgift

Etter arveavgiftslova § 2 åttande ledd skal det svartast arveavgift av utbetalingar i samband med dødsfall frå forsikringsselskap til dødsbu, arvingar etter avdøde eller nokon som er oppnemnt som «begunstiget» etter forsikringsavtalen.

Departementet foreslår at skatt på avkastninga ikkje skal vere med i grunnlaget for arveavgift. Då unngår ein avgift på den delen av utbetalinga som blir betalt i skatt. Unntak frå plikt til å svare avgift er valt framfor unntak frå skatteplikt i slike tilfelle, etter ei vurdering der ein blant anna har lagt vekt på lik skattlegging av kapitalforsikringar med og utan avkastningsgaranti. Departementet viser til forslaget til endring av arveavgiftslova § 2 åttande ledd.

### 2.4 Økonomiske og administrative konsekvensar

Departementet meiner at dei administrative konsekvensane vil bli positive fordi forslaget klargjer reglane på området.

Forslaget om å gi rett til frådrag for tap i visse tilfelle kan innebere eit visst provenytap på lengre sikt, men dette er avhengig av korleis avkastinga på fondsdelane utviklar seg. Truleg vil det ikkje bli noko vesentleg provenytap av forslaget på kort sikt.

## 3 Likning av ektefellar, foreldre og barn

### 3.1 Innleiing

Enkelte reglar i skattelova om likning av ektefellar, foreldre og barn gjer det unødvendig komplisert og ressurskrevjande å gjennomføre maskinell likning. I den førehandsutfylte sjølvmeldinga må likningsmyndighetene leggje fram forslag til likning og fordeling mellom skattytarar som samskattleggjast. Forslaga må ofte endrast ved den endelege likninga når samskattlegging er aktuelt. Det er ønskeleg at eit mest mogeleg riktig resultat blir lagt fram ved førehandsutfyllinga av sjølvmeldinga.

Eit hovudproblem i denne samanhengen er reglar som byggjer på at formuen og inntekta til barn skal takast med hos ein bestemt av ektefellane/foreldra. Fordelinga skjer på grunnlag av kven av ektefellane som har høgast personinntekt eller høgast alminnelig inntekt. Også foreldrefrådraget skal først takast med hos den av foreldra som har størst inntekt. Det faktum som ligg til grunn for å kunne finne kven av foreldra som har høgast inntekt, vil ofte vere uklart før likninga er ferdig handsama. Det verker også kompliserande at formuen og inntekta til særkullsbarn skal delast etter særlege reglar, i og med at likningsmyndighetene ofte ikkje har tilstrekkeleg kunnskap om kven av barna som er særkullsbarn.

Departementet gjer framlegg om endringar i skattelova for å gjere likninga av samskattlagde skattytarar meir rasjonell.

Regelendringane vil ikkje eller i minimal grad påverke den samla skattebyrden for skattytarane. Endringane vil ha liten eller ingen provenymessig konsekvens.

### 3.2 Oversikt over endringsforslaga

Det vert foreslått endringar i følgjande paragrafar i skattelova:

- Det blir lagt fram forslag om visse redaksjonelle endringar i skattelova § 2–11 første og andre ledd om særskilt likning av ektefellar.
- Departementet foreslår å oppheve skattelova § 2–11 fjerde ledd. Etter denne regelen skal formuen liknast hos den av ektefellane som har høgast alminneleg inntekt, når ektefellen li-

knast særskilt. Ei oppheving av denne regelen vil ikkje innebere nokon materiell regelendring, i og med at ektefellar sin formue alltid blir likna under eitt. Dette følgjer av hovudregelen i § 2–10. Den felles utrekna formueskatten blir framleis delt etter storleiken på formuen i kvar ektefelle si sjølvmelding. Særskilt likning etter § 2–11 gjeld berre ektefellane sine inntekter. Dette kjem klart til uttrykk i paragrafen når fjerde ledd om plassering av den felles likna formuen vert teken ut.

- Det blir lagt fram forslag om ei mindre endring i skattelova § 2–13 første ledd for å gjere det klart at regelen inneber ei obligatorisk fordeling av skatt mellom ektefellar.
- Skattelova § 2–13 andre, fjerde, femte og sjette ledd vert foreslått oppheva. Desse ledda regulerer nærmare når skatten skal fordelast mellom ektefellane etter § 2–13 første ledd. Grunngjevinga for forslaget er at ledda ikkje er nødvendig fordi ektefellar no leverer kvar si sjølvmelding og fordeling etter § 2–13 første ledd derfor er blitt obligatorisk.
- Departementet foreslår å oppheve skattelova § 2–13 tredje ledd om barn si inntekt og formue ved deling av skatt mellom ektefellar. Ei oppheving av regelen vil innebere at den fordelinga av formuen og inntekta til barn som er lagt til grunn ved likninga, også vil vere avgjerande for kven av ektefellane som er ansvarleg for skatten.
- Departementet foreslår å oppheve regelen i skattelova § 2–14 andre ledd om overføring av formue eller rett til inntekt frå foreldre til ugift barn under 20 år.
- Departementet foreslår å endre skattelova § 2–14 tredje ledd om likning av barn sin formue og inntekt. Etter gjeldande rett skal barn sin formue og inntekt som hovudregel bli likna hos den av foreldra som har høgast inntekt. Framleggget går ut på at fordelinga som hovudregel vert gjort med ein halvpart hos kvar av foreldra, men at foreldra kan velje ei anna løysing.
- Skattelova § 6–48 om foreldrefrådrag vert foreslått endra. Etter § 6–48 skal frådrag som hovudregel først bli gitt i den av foreldra si inntekt som er høgast. Det vert foreslått å endre regelen slik at frådrag som hovudregel skal bli gitt

med ein halvpart i kvar av foreldra si inntekt. Foreldra skal framleis kunne krevje ei anna fordeling.

### **3.3 Høyingsutkast av 18. mars 2004**

18. mars 2004 sendte departementet eit høyingsnotat på høyring. Høyingsfristen vart sett til 22. april 2004. Forslaga i høyingsutkastet er i hovudsak i samsvar med forsлага i denne proposisjonen, sjå oversikt i avsnitt 1.2 og nærmere drøfting i avsnitt 1.5.

### **3.4 Merknader frå høyingsinstansane**

*Norges kvinne- og familieforbund* sluttar seg til forsлага til endring.

*Skattekortelverforeningen* uttalar at dei er positive til dei foreslår endringane og meiner at skattytarane vil sjå dette som eit meir logisk system. Foreininga uttalar og:

«Særkullsbarn inntekt/formue bør etter vår oppfatning tilordnes biologisk foreldre. Dette bør være mulig ut fra opplysninger om foreldre i folkeregisteret.

Skattekortelverforeningen vil påpeke at mange av problemene som høyingsnotatet nevner vil kunne avhjelpes hvis også næringsdrivende hadde fått tilsendt delvis utfylt selvangivelse på samme måte som lønnstakere og pensjonister. Etter det vi kjenner til arbeides det med muligheten for en slik løsning. Den delvis utfylte selvangivelsen kan lett suppleres med opplysninger om næringsinntekt mv.»

*Skattedirektoratet* uttalar at:

«de foreslår endringer innebærer en forenkling av rutinene ved den maskinelle likning av ektefeller og foreldre og barn. De foreslår endringene vil også gjøre regelverket enklere og lettere tilgjengelig for alle brukere.»

*Skatteetatens Landsforening (SkL)* uttalar at:

«SkL ser positivt på tiltak som kan medvirke til at de tall som presenteres for skattyter i den forhåndsutfylte selvangivelsen er mest mulig korrekte. De endringer det legges opp til her gjør reglene mer forståelige og lettere å praktisere både for skattyterne og for ligningsmyndighete, ikke minst i forhold til maskinell likning.

(...) SkL er svært positive til den foreslår forenkling av regelverket.»

Elles har ikkje høyingsinstansane hatt merknadar til forsлага i høyingsnotatet.

### **3.5 Departementet sine vurderingar og forslag**

#### **3.5.1 Særskilt likning av inntekta til ektefellar – formue**

Skattelova § 2-11 regulerer særskilt likning av ektefellar. Etter fjerde ledd skal den samla formuen til ektefellar ved særskilt likning liknast hos den ektefellen som har høgast alminnelig inntekt. Regelen har ingen praktisk verknad då ektefellane alltid blir likna under eitt for deira samla formue, jf. skattelova § 2-10.

Departementet foreslår derfor at § 2-11 fjerde ledd blir oppheva. Opphevinga inneber ei lovteknisk forenkling og gir eit meir oversiktleg regelverk ved at det no vil framgå meir direkte av regelverket at ektefellane sin formue alltid skal bli likna under eitt, med fordeling av skatt på formuen etter skattelova § 2-13. Det vil seie at skatten vert fordelt etter den nettoformuen kvar av ektefellane har gitt opplysning om i si sjølvmelding.

Ein viser til forslag om oppheving av skattelova § 2-11 fjerde ledd.

#### **3.5.2 Overføring av formue eller rett til inntekt til ugift barn under 20 år**

Skattelova § 2-14 andre ledd har følgjande ordlyd:

«Har noen av foreldrene overført til barnet formue eller rett til å oppbevare inntekt, skal overført formue med avkastning og overført inntekt lignes under eitt med foreldrenes formue og inntekt når barnet er ugift og ikke er fylt 20 år ved utløpet av inntektsåret.»

Formålet med regelen er å hindre skattemotiverert spreiling av formue og inntekt i familien.

Som oftast må skattytar sjølv gi opplysningar om ei slik overføring i sjølvmeldinga, dersom opplysningane skal leggjast til grunn ved likninga. Derfor er det ikkje mogeleg å handheve regelen på ein einsarta måte for alle skattytarar. Regelen gjeld i tillegg berre fram til barnet fyller 20 år eller giftar seg. Det er vidare berre når overføringa skjer frå foreldra at regelen blir nytta. Overføringar frå andre, som besteforeldre blir ikkje råka. Problemstillinga med skattereduksjon gjennom spreiling av inntekta er mindre aktuell i og med at inntekter frå kapital no vert skattlagde med flat sats.

Departementet foreslår at regelen blir oppheva.

Fram til slutten av det året barnet fyller 16 år, vil barnet framleis liknast under eitt med foreldra, jf. skattelova § 2-14 første ledd. Ved ei oppheving av regelen i § 2-14 andre ledd, vil det vere mogeleg

for foreldra å overføre formue eller rett til inntekt til barna sine med skattemessig verknad, frå det året barnet fyller 17 år.

Endringane vil ha liten eller ingen provenymesig konsekvens.

### **3.5.3 Likning av barn si inntekt og formue**

#### *a. Felles barn sin formue og inntekt*

Etter dei reglane ein har i dag, inneber likninga av foreldre og barn tidkrevjande utrekningar. Fordelinga av barn sin formue og inntekt skjer på ulike grunnlag. Når barn blir likna under eitt med foreldra, og foreldra liknast særskilt, skal formuen til barnet takast med hos den av foreldra som har høgast alminneleg inntekt, jf. skattelova § 2–14 tredje ledd a. Inntekta til barna skal takast med hos den av foreldra som har høgast personinntekt, jf. skattelova § 2–14 tredje ledd b. Regelen inneber at ein ved likninga først må rekne ut kven av foreldra som skal liknast for formuen og inntekta til barnet. Etter at desse utrekningane er gjort, må total skattepliktig formue og inntekt for ektefellane reknast ut på ny.

For foreldre som må levere ulike typar sjølvmelding med ulik frist, er regelverket særleg tungvint. Inntekta til barnet blir vanlegvis teken med i den førehandsutfylte sjølvmeldinga, for å vere sikker på at den vert rekna med. Dersom den eine av foreldra skal levere sjølvmelding for næringsdrivande med frist i mars månad, og den andre skal levere vanleg sjølvmelding i april, må foreldra allereie i mars finne ut kven som skal ta barnet si inntekt med i sjølvmeldinga. Om den næringsdrivande har høgast personinntekt, må den andre av foreldra endre dei opplysningsane som er ført opp i den førehandsutfylte sjølvmeldinga som kjem i april.

Departementet meiner at det vil bli klart enklare for skattytar og for likningsmyndighetene, om barn sin formue og inntekt blir fordelt med ein halvpart hos kvar av foreldra. Ei slik endring vil ta bort behovet for dei førebels utrekningane som er nemnde ovanfor. Ei slik endring vil også gi betre samsvar mellom forskuddsutskrivninga og den endelige likninga. Provenytapet vil vere lite monaleg.

Som ei følge av dette, gjer departementet framlegg om å endre skattelova § 2–14 første ledd, slik at barn sin formue og inntekt blir delt mellom ektefellane med ein halvpart hos kvar. Foreldra skal kunne krevje ei anna fordeling, jf. forslaget til § 2–14 første ledd andre punktum.

Om foreldra ikkje lenger bur saman, følgjer det av likningspraksis at barnet skal bli likna saman med den av foreldra som har omsorga for barnet. Då likningsmyndighetene ofte manglar kunnskap

om kven som har omsorga for barnet, foreslår departementet at barnet som utgangspunkt skal bli likna saman med den av foreldra som barnet er registrert saman med i folkeregisteret pr. 31. desember i inntektsåret. Som oftast vil dette vere den av foreldra som har omsorga for barnet. Viss foreldra ikkje er einige om kvar barnet skal vere folkeregistrert, vil folkeregisteret leggje til grunn døgnkvileregelen, eller den stad der barnet har størst tilknyting.

Etter lovforslaget vil den av foreldra som har barnet folkeregistrert hos seg ved utgangen av året, kunne krevje at barnet si inntekt/formue blir likna saman med den andre av foreldra dersom denne forelderen får status som einsleg forsørgjar det året. Dette forslaget samsvarer med tidlegare likningspraksis. Ein viser til utkast til § 2–14 andre ledd.

#### *b. Inntekta og formuen til særkullsbarn*

Etter skattelova § 2–14 tredje ledd bokstav c skal formuen og inntekta til særkullsbarn bli likna hos den av foreldra som er mor eller far til barnet, når den andre ektefellen ikkje har adoptert barnet. Ofte har ein ved likninga ikkje tilstrekkelege opplysnings til å vite om barnet er særkullsbarn. For å registrere det, må det vere innmelde bidrag eller barnepensjon på barnet, der fødselsnummeret til forsørgjar kjem fram. Eit alternativ kan vere at foreldra sjølv har meldt frå om at eit barn er særkullsbarn. I oktober 2003 blei det innført skattefritak for barnebidrag, noko som innebar at det ikkje lenger skal meldast frå om barnebidrag. Melding om bidrag fell dermed bort som kjelde til kunnskap om eit barn er særkullsbarn eller ikkje. Når likningsmyndighetene manglar kunnskap om at det er særkullsbarn, blir formue og inntekt fordelt som for andre barn, jf. ovanfor. Dersom opplysningsane som er utfylt på førehand i sjølvmeldinga skal gi ei riktig fordeling av formuen og inntekta til barnet, vil det vere naudsynt at også særkullsbarn sin formue og inntekt blir fordelt mellom den av foreldra som har omsorga for barnet og denne forelderen sin ektefelle.

Departementet gjer framlegg om endring av skattelova § 2–14 tredje ledd, slik at også særkullsbarn sin formue og inntekt som hovudregel skal bli likna med ein halvpart hos kvar av ektefellane, på same måte som felles barn. Ein viser til utkast til § 2–14 tredje ledd første punktum.

Etter forslaget skal den av ektefellane som ikkje er mor eller far til barnet kunne krevje at formuen og inntekta blir teken med hos den andre ektefellen. Ein viser til utkast til § 2–14 tredje ledd første

punktum. Den løysinga regelverket gir i dag vil dermed bli resultatet, om den andre ektefellen ønskjer ei slik løysing.

For den av foreldra som barnet ikkje bur saman med, vil endringane ikkje ha noko å seie, fordi ho eller han ikkje vert skattlagd for barnet sin formue eller inntekt.

#### c. Særleg om sambuarar

For foreldre som er sambuarar, gjeld reglane i skattelova § 2–14 om fordeling av barn sin inntekt og formue mellom foreldre berre når foreldra er meldepliktige, jf. § 2–16. For andre sambuarar følgjer fordelinga av praksis ved likninga, jf. Lignings-ABC 2003 side 896:

«Særkullsbarns formue og inntekt som etter reglene i sktl. § 2–14 (1) og (2) skal lignes hos foreldrene, lignes hos den av samboerne som er barnets far eller mor.

Formue og inntekt som tilhører felles barn, skattlegges med ein halvpart hos hver av foreldrene, med mindre samboerne har krevet en annen fordeling. Skyldes formuen eller inntekten overføring fra en av samboerne, skattlegges den hos denne.»

Dei endringane som departementet foreslår i skattelova § 2–14, gjer at sambeskatninga av foreldre og barn blir meir lik for gifte og for sambuarar, når barna er felles. Å la § 2–14 gjelde direkte for sambuarar er ikkje mogeleg, mellom anna fordi det ofte ikkje er registrert i det maskinelle systemet ved likninga kven som er sambuarar. Med omsyn til særkullsbarn kan det og vere omsyn som tilseier andre løysingar når mor eller far er sambuar og ikkje gift. Departementet vil vurdere denne problemstillinga nærmare.

### 3.6 Deling av skatt mellom ektefellar

I samband med at førehandsutfylt sjølvmelding blei innført som ei permanent ordning ved lov 15. desember 2000, vart ektefellar sin tilgang til å levere felles sjølvmelding oppheva, jf. opphevinga av likningslova § 4–2 nr. 2. Når ektefellar leverer kvar si sjølvmelding, inneber det og eit krav om fordeling av skatt etter skattelova § 2–13. Fordeling av skatt mellom ektefellar etter § 2–13 er derfor blitt obligatorisk. Første ledd i § 2–13 må derfor endrast slik at formuleringa «kan kreve» fordeling utgår. Ein viser til utkast til endring i § 2–13 første ledd.

I skattelova § 2–13 første ledd er det vist til skattelova § 2–11 fjerde ledd. Denne tilvisinga må fjer-

nast, fordi § 2–11 fjerde ledd er foreslått oppheva, jf. avsnitt 1.5.1.

Departementet foreslår å oppheve reglane i skattelova § 2–13 andre, femte og sjette ledd. Reglane gir nærmare vilkår for fordeling av skatt etter første ledd. Ettersom fordelinga av skatt etter første ledd no er obligatorisk, har desse reglane ikkje lengre nokon funksjon.

Departementet foreslår å oppheve skattelova § 2–13 tredje ledd som gjeld foreldre sitt ansvar for skatt av formuen og inntekta til barn. Konsekvensane av opphevinga vil bli at den fordelinga av barn sin formue og inntekt som er lagt til grunn ved likninga, også vil avgjere kven av ektefellane som får ansvar for skatten.

Regelen i § 2–13 tredje ledd bokstav a regulerer fordelinga av skatt når formue og/eller inntekt er overført frå foreldre til barn etter § 2–14 andre ledd. Skattelova § 2–14 andre ledd er foreslått oppheva, jf. avsnitt 1.5.2. Skattelova § 2–13 tredje ledd bokstav a vil derfor vere overflødig.

Regelen i § 2–13 tredje ledd bokstav b regulerer fordelinga av skatt på formuen og inntekta til særkullsbarn. I tråd med departementet sitt forslag om å likne formuen og inntekta til barnet med ein halvpart på kvar av ektefellane, jf. punkt 1.5.3, foreslår departementet å oppheve skattelova § 2–13 tredje ledd bokstav b. Som nemnt ovanfor vil det framleis vere mogeleg å velje ei anna løysing.

Etter skattelova § 2–13 tredje ledd bokstav c, skal formuen og inntekta til barnet i andre samanhenger bli fordelt med ein halvpart på kvar ektefelle. Eit slikt resultat vil no følgje av dei endringane departementet foreslår i andre reglar, og tredje ledd bokstav c kan derfor opphevast.

Etter § 2–13 fjerde ledd kan ektefellane avtale ei anna fordeling enn det som følger av tredje ledd. Fordi det blir lagt opp til ei obligatorisk deling av skatten, foreslår departementet at fjerde ledd blir oppheva.

### 3.7 Presisering i skattelova § 2–16

I skattelova § 2–16 vert det vist til folketrygdlova § 25–4. Dette foreslår ein presisert til å gjelde folketrygdlova § 25–4 første ledd første punktum. Presiseringa har ingen materiell verknad, men bør gjera rast for å unngå tvil ved tolkinga.

Som ei lovteknisk oppretting foreslår departementet og at overskriften i § 2–16 blir endra frå «Meldepliktige eller registrerte samboere» til «Meldepliktige samboere». Ei slik endring vil gjere overskrifta meir i samsvar med ordvalet i folketrygdlova.

### **3.8 Fordeling av foreldrefrådrag**

---

Etter skattelova § 6–48 første ledd kan ein få foreldrefrådrag for legitimerte kostnader til pass og stell av heimeverande barn som er under 12 år i inntektsåret. Stortinget set eit tak for foreldrefrådraget kvart år. Taket er det same for ektefellar og for sambuarar, med felles barn. Frådraget blir først gitt i den høgaste inntekta, om ikkje ektefellane eller sambuarane er einige om ei anna fordeling.

Departementet gjer framlegg om at foreldrefrådraget blir delt med ein halvpart hos kvar av ektefellane/sambuarane, med mindre dei ønskjer ei anna fordeling. Forslaget gjere det enklare å handtere frådraget, fordi det ikkje lenger vert kravd at ektefellane/sambuarane si alminnelige inntekt er kjent før frådraget blir fordelt mellom dei.

Departementet viser til forslaget til endring av skattelova § 6–48 første ledd fjerde punktum.

Forslaget vil ikkje få verknad for den mor eller far som barnet ikkje bur saman med, då foreldrefrådrag berre blir gitt den av foreldra som barnet bur hos størstedelen av året.

Dersom barnet etter avtale skal bu, eller faktisk bur like mye hos kvar av foreldra, får foreldra foreldrefrådrag annakvart år, om det ikkje er forhold som tilseier at ein av dei har hovudomsorga. Denne regelen vil stå uendra med lovforsлага.

### **3.9 Ikrafttreding**

---

Departementet foreslår at reglane blir iverksette straks med verknad for inntektsåret 2004.

## 4 Skattefritak for utbetalingar frå kompensasjons- og oppreisingsordning for pionerdykkarar

Stortinget behandla den 9. mars 2004 St.meld. nr. 47 (2002–2003), jf. Innst. S. nr. 137 (2003–2004). I anmodningsvedtak VI ber Stortinget Regjeringa etablere ei kompensasjonsordning for pionerdykkarane i samsvar med fleirtalet sine merknader. Stortinget legg til grunn at utbetalingane frå kompensasjonsordninga kan gjerast både som ein-gongsutbetalingar eller over fleire år. Stortinget legg også til grunn at utbetalingane ikkje skal vere skattepliktige.

Vidare ber Stortinget i anmodningsvedtak VIII Regjeringa om å leggje fram eit forslag til overslagsbevilgning til utbetaling av oppreising til pionerdykkarane i Nordsjøen. Eit slikt forslag er ikkje omtalt i stortingsmeldinga, og heller ikkje i teksten om utforminga av kompensasjonsordninga i innstillinga. Derfor er det ikkje uttrykkelig uttalt at desse utbetalingane skal vere fritekne frå skatteplikt. Vil-kåra for å få oppreising skal likevel følgje dei vilkåra som er sett for utbetalingar frå kompensasjonsordninga. Regjeringa ser det derfor slik at det er

underforstått frå komiteen si side at også oppreising skal vere skattefri.

Då det kan vere tvil om det etter gjeldande rett er grunnlag for å behandle heile utbetalingane som skattefri inntekt, legg Regjeringa fram forslag om at ein tek inn eit særskilt unntak frå skatteplikt i skattelova for utbetalingar frå denne statlege kompensasjons- og oppreisingsordninga for pionerdykkarar.

Kompensasjons- og oppreisingsordninga skal bli administrert av ei nemnd som skal opprettast innan 1. juli 2004. Ein tek sikte på at kompensasjon og oppreising kan bli utbetalt så raskt som mogleg etter opprettinga av nemda. Regjeringa foreslår derfor at endringa tek til å gjelde straks med verknad frå og med inntektsåret 2004.

Ein viser til forslag til endring i skattelova § 5–15 første ledd. Ein gjer framlegg om at endringa trer i kraft straks med verknad frå og med inntektsåret 2004.

## 5 Endringar i meirverdiavgiftslovgjevinga

### **5.1 Frådrag for inngåande meirverdiavgift på kjøp og drift o.a. av varebil klasse 1**

Det gjeld i dag ein avgrensa rett til å trekke frå inngåande meirverdiavgift på kjøp og drift o.a. av kjøretøy som etter meirverdiavgiftslova blir definert som personkjøretøy, jf. meirverdiavgiftslova § 22 første ledd nr. 3, jf. § 14 tredje ledd. Bakgrunnen for dette er mellom anna faren for urettmessig frådrag på grunn av privat bruk som det er vanskeleg å kontrollere.

Såleis er det berre rett til å trekke i frå inngåande meirverdiavgift ved kjøp og drift av slike kjøretøy til bruk som salsvare, som utleigekjøretøy i verksemd med utleige av slike kjøretøy eller som middel til å transportere personar mot vederlag i persontransportverksemd (til dømes kjøp av ei drosje). Innkjøp av personkjøretøy til anna verksemd gir med andre ord ikkje rett til frådrag for inngåande meirverdiavgift på kjøretøyet, sjølv om verksemda elles har frådragsrett for inngåande meirverdiavgift.

Varebilar blir etter dagens meirverdiavgiftsreglar ikkje definert som personkjøretøy. For varebilar gjeld dermed ikkje dei same stengslene i retten til å trekke i frå inngåande meirverdiavgift. Ein avgiftspliktig kan såleis kjøpe ein varebil og trekke i frå inngåande meirverdiavgift dersom kjøretøyet skal nyttas i den avgiftspliktige verksemda. Desse reglane blir i dag utnytta ved at stadig fleire avgiftspliktige næringsdrivande kjører ein varebil (klasse 1) og trekkjer i frå meirverdiavgifta. Deretter vert kjøretøyet gjort om/omklassifisert til personbil etter kort tid utan at dette får nokon verknad for meirverdiavgifta som er trekt i frå. I mange tilfeller ventar ein heller ikkje med å omklassifisere kjøretøyet før det blir brukt som ein personbil, blant anna ved at baksetet i bilen vert slått opp.

Varebilar klasse 1 betaler same eingongsavgift (særavgift som skal betalast ved registrering første gong i det sentrale motorvognregisteret) som personbilar.

Ein varebil klasse 1 er kort fortalt ei stasjonsvogn der baksetet ikkje må kunne nyttast (ikkje noko krav om å fjerne dei) og der det er ein 40 cm høg vegg/gitter bak førarsetet. I ein varebil klasse 2 må

derimot seta vere fjerna og det må vere ein heil vegg frå golv til tak bak førarsetet. Og ikkje minst gjeld det for slike kjøretøy strenge krav til storleiken på lasterommet, som må kunne romme ei kasse i dimensjon 140x90x105 cm (i lengde, bredde, høgde). Varebilar klasse 1 har dessutan kvite og ikkje grøne skilt slik som varebilar klasse 2.

Sett i samanheng med dei strenge reglane som gjeld frådragsrett for personbilar, er det uheldig at personbilar i realiteten kan kjøpast utan meirverdiavgift. Personbilar som er skaffa og reinsa for meirverdiavgift på ein slik måte, vil dessutan ha store fordelar i marknaden for brukte bilar.

Når det gjeld varebilar klasse 2, utgjer ikkje omklassifisering frå varebil til personbil det same problemet. Dette skyldast mellom anna at varebilar klasse 2, i motsetning til varebil klasse 1, ikkje betaler full eingongsavgift. Dersom ein varebil klasse 2 skal omgjerast til ein personbil, må difor differansen i eingongsavgift mellom varebil klasse 2 og personbil betalast. Når det gjeld varebil klasse 1, er desse likestilte med personbilar etter reglane om eingongsavgift og ein betaler såleis full eingongsavgift slik som for personbilar.

Departementet ønsker på denne bakgrunn å endre reglane slik at varebilar klasse 1 frå 1. juli 2004 blir behandla som personkjøretøy også i høve til reglane om meirverdiavgift.

Departementet er i lova gitt fullmakt til mellom anna å gi forskrift om kva som meinast med personkjøretøy, jf. meirverdiavgiftslova § 14 fjerde ledd. Dette er gjort i forskrift nr. 49 til meirverdiavgiftslova, som vil bli endra som følgje av dette forslaget. Departementet ønsker i tillegg at endringa kjem til uttrykk i lova. Ein presiserer at det ikkje blir gjort framlegg om endring av reglane for varebil klasse 2.

Departementet legg til grunn at endringa vil gi ein provenygeinst på om lag 50 mill. kroner påløpt, og om lag 35 mill. kroner bokført for 2004.

Ein viser til framlegg til endring av meirverdiavgiftslova § 14 tredje ledd tredje punktum. Departementet foreslår at endringa trer i kraft 1. juli 2004.

## **5.2 Kjøp av tenester frå Svalbard og Jan Mayen**

---

Etter meirverdiavgiftslova § 62 skal det betalast meirverdiavgift ved innførsel av varer frå utlandet, Svalbard og Jan Mayen. For tenester gjeld slik avgiftsplikt berre ved innførsel frå utlandet, jf. meirverdiavgiftslova § 65 a. At Svalbard og Jan Mayen ikkje er omtalt i samband med tenester, må sjåast som ein inkurie som i det seinaste har ført til at enkelte tenesteleverandørar (særleg teleselskap) ønskjer å etablere seg på Svalbard, slik at dei kan yte tenester til kundar på fastlandet utan at det skal betalast meirverdiavgift.

Dette er uheldig og vil virke konkurransevridane i forhold til tenesteleverandørar som er etablert på fastlandet og som må betale meirverdiavgift av si omsetning til dei same kundane. Dersom ein ikkje likestiller kjøp av tenester frå utlandet og Svalbard/Jan Mayen, er det forventa eit press mot at fleire verksemder ønskjer å flytte personell og andre ressursar (til dømes teknisk utstyr) til Svalbard, slik at dei kan omsette tenester utan meirverdiavgift til kundar på fastlandet.

Departementet ønskjer ikkje at Svalbard blir nytta til å levere tenester avgiftsfritt til kundar på fastlandet på ein slik måte, og vil derfor foreslå at § 65 a straks vil bli utvida slik at også kjøp av tenester frå Svalbard og Jan Mayen blir omfatta av lova. Departementet vil presisere at endringa ikkje vil gjelde tenester som blir omsett på Svalbard, da forbruk av varer og tenester på Svalbard framleis skal skje utan meirverdiavgift.

Kjøp av tenester frå Svalbard og Jan Mayen har ikkje vore særleg utbreitt fram til no, og forslaget vil derfor ikkje ha særlege provenyverknader.

Ein viser til framlegg til endring av meirverdiavgiftslova § 65 a første punktum.

Departementet foreslår at endringa trer i kraft straks.

## **5.3 Presisering av retten til frådrag for inngåande meirverdiavgift ved kjøp av personkjøretøy**

---

I samband med innføringa av meirverdiavgift på persontransport frå 1. mars 2004 vart frådragsreglane for personkjøretøy utvida slik at verksemder som bruker slike kjøretøy som middel til å transportere personar mot vederlag, skulle ha høve til å trekke frå inngående meirverdiavgift ved kjøp og drift av slike kjøretøy.

Det er ønskeleg å presisere i lova at kjøretøyet må nyttast som middel til å transportere personar mot vederlag. Når kjøretøyet blir nytta til andre føremål, til dømes til bruk i verksemda sin administrasjon osv., er det ikkje grunn til at retten til å trekke frå inngående meirverdiavgift skulle vere annleis enn i andre verksemder som ikkje driv med persontransport.

Departementet foreslår å endre ordlyden i meirverdiavgiftslova § 14 tredje ledd første punktum. Endringa trer i kraft straks. Som det er gjort merksam på er forslaget ei presisering av gjeldande rett, og det vil såleis ikkje ha provenyverknad.

## **6 Endringar i lov 12. desember 2003 om kompensasjon av merverdiavgift for kommuner, fylkeskommuner mv.**

Frå 1. januar 2004 er det innført ei generell kompensasjonsordning for meirverdiavgift i kommunesektoren.

Den generelle kompensasjonsordninga er heimla i lov 12. desember 2003 om kompensasjon av merverdiavgift for kommuner, fylkeskommuner mv. (kompensasjonslova). Etter departementet si vurdering er det ønskeleg å gjere enkelte mindre endringar i denne lova.

For det første ønskjer ein å presisere at kompensasjonslova også gjeld ved innførsel av varer frå utlandet, Svalbard og Jan Mayen. Meirverdiavgiftslova § 62 slår fast at meirverdiavgift skal betalast ved innførsel av varer frå utlandet. Om meirverdiavgifta ved kjøp av varer frå utlandet ikkje vart kompensert, ville kompensasjonsordninga ulovleg kunne motivere til kjøp av varer i Noreg. Departementet foreslår derfor at kompensasjonslova § 3 får eit nytt andre ledd som fastslår at det òg ved import av varer frå utlandet, Svalbard og Jan Mayen vert ytt kompensasjon for meirverdiavgifta. Ved import av til dømes datamaskiner frå Sverige vil ei verksemder som har rett på kompensasjon få kompensert meirverdiavgifta på same måte som om maskinene var kjøpt i Noreg.

Når det gjeld kjøp av tenester frå utlandet, ønskjer ein òg å presisere at kompensasjonslova gjeld. Ved innførsel av tenester er meirverdiavgiftsplikta regulert av meirverdiavgiftslova § 65a, jf. forskrift 15. juni 2001 nr. 684 (Forskrift nr. 121) om plikt til å betale meirverdiavgift ved kjøp av tenester frå utlandet. Dette vert omtalt som avgift innbetalt ved snudd avregning. Dersom denne meirverdiavgifta ikkje vart kompensert, kunne kompensasjonsordninga verke ulovleg favoriserande på kjøp av tenester frå Noreg. Departementet foreslår på denne bakgrunn at det går fram i kompensasjonslova § 3 andre ledd at det òg vert ytt kompensasjon for den meirverdiavgifta ein betaler ved kjøp av tenester frå utlandet.

For eitt tilfelle er det naudsynt å utvide den tida som går før eit krav på kompensasjon blir forelda. Dette gjeld for dei verksemndene som kan sende inn krav på kompensasjon ein gong i året, jf. kompensasjonslova § 6 tredje ledd. Til dømes kan ein tenkje seg at ei verksemde som vel å sende inn årsoppgåve for 2004 gløymer å ta med eit krav. Verksemda kan

då ta dette kravet med på neste oppgåve, jf. kompensasjonslova § 9. Neste oppgåve verksemda vil levere (for heile 2005) kan først leverast 1. januar 2006, jf. kompensasjonslova § 7 andre ledd. Då er det gløynde kravet forelda, jf. kompensasjonslova § 10 første ledd.

For å unngå ein slik situasjon, kan ein utvide den tida som kan gå før eit krav vert forelda for dei verksemndene som kan levere inn årsoppgåve. Departementet foreslår derfor at det i kompensasjonslova § 10 vert gitt eit nytt andre ledd der det går fram at krav frå slike verksemder må setjast fram innan to år rekna frå utgangen av det kalenderåret kompensasjonskravet oppsto.

Ein treng òg å innføre eit tvangsgrunnlag for utlegg for dei tilfella det har blitt utbetalt for mykje i kompensasjon.

Det følgjer av kompensasjonslova § 11 at der som det er utbetalt kompensasjon i strid med denne lova eller forskrift heimla i denne lova, skal det uriktige utbetalte beløp tilbakebetalast. Dette påbodet inneholder ikkje nokon heimel for å tvangfullbyrde kravet. Departementet meiner at meirverdiavgiftslova § 59 heller ikkje gir tilstrekkeleg heimel som tvangsgrunnlag for slike krav som er nemnde i kompensasjonslova § 11.

Departementet meiner at ein heimel som etablerer eit særleg tvangsgrunnlag, jf. tvangsgrunnlag § 4–1 tredje ledd, jf. § 7–2 bokstav e, bør takast inn i kompensasjonslova. Dersom det ikkje vert gitt særleg tvangsgrunnlag for dei krava som spring ut av kompensasjonslova § 11, må ein drive dei inn med tvang gjennom den alminnelege namsmannsordninga etter at det er skaffa eit vanleg tvangsgrunnlag. Departementet meiner dette ville vere lite føremålstenleg.

På denne bakgrunn foreslår departementet at kompensasjonslova § 11 får eit nytt andre ledd der det går fram at dei krava som spring ut av første ledd med tillegg av renter, er tvangsgrunnlag for utlegg. For å effektivisere inndrivinga foreslår departementet at krava etter § 11 er tvangskraftige, sjølv om grunnlaget er klag på eller teke inn for domstolane.

Departementet legg til grunn at forslaga til endringar i kompensasjonslova ikkje gir vesentlege provenyverknader eller administrative verknader.

Om lov om endringar i skatte- og avgiftslovgivinga mv.

Departementet viser til forslaga om nytt andre ledd i kompensasjonslova §§ 3, 10 og 11.

Departementet foreslår at endringane blir sett i kraft straks.

## 7 Jordbruksfrådraget

### 7.1 Samandrag

Finansdepartementet gjer framlegg om at inntekt frå produksjon av biomasse til energiformål kan gå inn i jordbruksinntekta og dermed gi grunnlag for utrekning av jordbruksfrådrag. Omlegginga vil gjelde frå og med inntektsåret 2004.

### 7.2 Bakgrunn for forslaget

Ved fastsetting av positiv alminnelig inntekt frå jord- og hagebruk i 2004 kan produsentar gjere krav på eit jordbruksfrådrag på inntil 36 000 kroner. På inntekt over dette beløpet er frådraget 19 prosent av inntekta opptil eit samla frådrag på 61 500 kroner.

I St.prp. nr. 1 (2003 – 2004) Skatte, avgifts- og tollvedtak, avsnitt 2.3.2 står det:

«Etter Finansdepartementets vurdering er det aktuelt med en viss justering av inntektsgrunnlaget for jordbruksfrådraget, slik at bare kapitalinntekter det er knyttet en aktivitet til fra bondens side, skal inngå i grunnlaget for frådraget, jf. Finansdepartementets tidligere høring av saken. Dette betyr blant annet at kapitalinntekter fra utleie av tomter mv. trekkes ut av grunnlaget for frådraget. Det er samtidig aktuelt å utvide frådraget til å omfatte inntekter fra produksjon av biomasse og bioenergi.

Regjeringen vil vurdere forslag til en slik omlegging av jordbruksfrådraget. Det kan imidlertid også være behov for andre endringer i jordbruksfrådraget for å oppnå en samlet provennytral omlegging. Regjeringen vil fremme forslag til endringer i jordbruksfrådraget, med mulig virkning for 2004, i Revidert nasjonalbudsjett 2004.»

### 7.3 Departementet sine vurderingar og forslag

#### 7.3.1 Innleiing

Departementet meiner at jordbruksfrådrag i hovudsak skal vere knytta til inntekter frå jordbruksproduksjon. Frådrag på grunnlag av reine kapitalinn-

tekter er ikkje rimeleg. Det vil derfor vere prinsipielt riktig å stramme inn dette. Departementet vil likevel ikkje foreslå dette no, mellom anna fordi det er behov for å utgreie nærmare føremålstenlege avgrensningar.

Utan omsyn til dette vil ein likevel foreslå at produksjon av biomasse til energiformål kan takast inn i grunnlaget for jordbruksfrådraget.

#### 7.3.2 Ved og anna biobrensel

##### 7.3.2.1 Innleiing

Departementet legg til grunn at bioenergi er energi produsert ved omdanning av biomasse. Biomasse kan til dømes vere planteprodukt, gjødsel, skogavfall og anna biologisk avfall som slakteavfall. Som biobrensel reknar ein tilverka biomasse som inngår i produksjon av bioenergi. Endringane vil i hovudsak omfatte produksjon av brensel basert på *trevirke*. Ved dette vil også delar av skogbruksinntekta for ein bonde danne grunnlag for jordbruksfrådrag. Departementet meiner at rein skogbruksinntekt etter føresetnaden ikkje skal gi rett til jordbruksfrådrag på grunnlag av biobrenselproduksjon. Det må derfor være eit krav at det vert drive jordbruksverksamd for at inntekter frå produksjon av biobrensel skal gi rett til jordbruksfrådrag.

Om biobrensel er eit produkt av jordbruksverksamd eller skogbruksverksamd, er i dag avgjerande for den skattemessige handsaminga. Dette er slik fordi skogbruket ikkje vert omfatta av jordbruksfrådraget.

Mindre inntekter frå produksjon av biobrensel i form av planteprodukt, gjødsel og slakteavfall inngår i dag i jordbruksinntekta, og gir grunnlag for jordbruksfrådrag. Dette gjeld òg sal av brensel frå trevirke i jordbruket, til dømes frå grøfte- og randvegetasjon. Dersom bonden utviklar verksemd med produksjon av biobrensel i noko større omfang på basis av slike produkt, vil dette kunne vere eiga næring. Er omsetnaden av slik produksjon under 30 000 kroner, vil inntekta i høve til forskrift av 5.10.1970 nr. 2 § 3 likevel kunne inngå i jordbruksinntekta som ei biinntekt og dermed gi grunnlag for jordbruksfrådrag.

Inntekt ved produksjon av skogvirke til bioenergiproduksjon går i utgangspunktet inn i skogbruksinntekta. Skogbruksinntekta gir ikkje grunnlag for

jordbruksfrådrag, og må skiljast frå jordbruksinntekta på grunn av gjennomsnittslikning. Når no vedsalsdelen av slik skogbruksinntekt skal kunne inngå i grunnlaget for jordbruksfrådraget, oppstår det nokre særskilte problemstillingar som er drøfta nedanfor.

Produksjon av bioenergi levert som ferdig varme som del av landbruksverksemda skjer i dag i særslite omfang, og i den grad det skjer vil dette vere eiga næring. Departementet finn det derfor ikkje føremålstenleg å foreslå at inntekt frå produksjon av energi levert som ferdig varme basert på biobrensel, skal kunne gå inn i grunnlaget for jordbruksfrådrag ut over det som allereie gjeld.

Departementet vil foreslå at også nettoinntekter frå biobrenselproduksjon som er basert på *innkjøpt virke* skal gi grunnlag for jordbruksfrådrag. Det vil mellom anna vere kontrollmessige problem knytt til ei sondring mellom virke frå eige bruk og virke som er innkjøpt. Det må vere ein føresetnad at det innkjøpte virket blir handsama på bruket, altså at det skjer ei form for produksjon i tilknyting til verksemda elles. Rein grossistverksemd, til dømes i form av vidaresal av innkjøpt ferdig kappa/kløyvd virke, vil altså ikkje gi grunnlag for jordbruksfrådrag. Produksjon av heilt virke for vidaresal til biobrenselproduksjon bør gi grunnlag for jordbruksfrådrag. Det same gjeld inntektsfordel av *ved til eige bruk*.

### 7.3.2.2 Særskilte problemstillingar

Ei omlegging som foreslått vil krevje ei avklaring av spesielt tre forhold. Dette gjeld skogavgifta av vedsalsinntekter mv., fastsetjing av kostnader og nettoinntekt knytt til biobrenselproduksjon og om inntekta skal førast som direkte likna jordbruksinntekt eller som gjennomsnittslikna skogbruksinntekt.

– Når det gjeld ordninga med avsetning til skogavgiftskonto for seinare skogkulturtiltak, legg departementet til grunn at det også i fortsetjinga bør vere mogleg å avsette ein del av inntekta frå biobrenselproduksjon, og at avsetninga kan nyttast ved uttak til skogkulturtiltak med skattefordel. Dette gjeld mellom anna fordi ein er pliktig til å avsette til skogavgiftskonto også ved avvirking til vedproduksjon.

– Fordi berre nettoinntekta av vedsalet skal inn i grunnlaget for jordbruksfrådrag, vil det vere nødvendig å fastsetje kostnadene ved produksjonen. Det er ikkje mogleg i praksis å skilje kostnadene knytta til produksjon av ved frå kostnader ved anna skogbruksproduksjon. Departementet meiner derfor at det vil vere føremålstenleg at desse blir rekna ut sjablonmessig som ein viss del av bruttoinntekta

frå vedsalet. Dette bør kunne regulerast nærare i forskrift, jf. forskriftsheimelen i skattelova § 8–1 sjette ledd. Ved fastsetjing av sjablon må det takast omsyn til at det administrative systemet må vere så enkelt som mogleg.

– Jordbruksinntekt og skogbruksinntekt vert likna kvar for seg. Sidan ein del av skogbruksinntekta no skal danne grunnlag for jordbruksfrådrag, må ein avklare nærmare korleis dette skal handterast.

Departementet finn det ikkje rett at vedsalsinntekt mv. frå skogbruket både skal inngå i gjennomsnittslikninga der og samstundes gi grunnlag for jordbruksfrådrag. Det bør vere ein føresetnad for dei inntektene som blir frådragsgrunnlag eit år, at dei fullt ut er skattepliktige for det året frådraget har verknad. Den utsetjinga av faktisk skattleggjing som gjennomsnittslikninga fører med seg, bør derfor avskjere inntekta frå frådragsgrunnlaget. Teoretisk kunne ein tenkje seg ei løsing der den delen av eit jordbruksfrådrag som skriv seg frå gjennomsnittslikna skogbruksinntekt, vert ført i skogbruksdelen av likninga, slik at frådraget fekk faktisk verknad i same takt som den inntekta som skipar frådraget. Men dette er ingen farbar veg i det praktiske rekneskaps- og likningsarbeidet for jord- og skogbruksinntekter.

På den andre sida kan det verke uheldig å ta vedsalsinntekter mv. generelt ut av gjennomsnittslikninga for skogbruksinntekt, berre av di inntekta kan gi grunnlag for jordbruksfrådrag. Det vil vere tilfelle der maksimalt frådrag er oppnådd allereie på grunnlag av andre inntekter, og tilfelle der jordbruksfrådrag er heilt uaktuelt, til dømes på grunn av manglande busetjing på bruket. Då kunne ei pliktig utskiljing av vedsalsinntekta mv. frå gjennomsnittslikninga i nokon tilfelle kunne bli ei skatteskjerping for bonden. Departementet foreslår i staden at bonden skal kunne velje mellom å skilje vedsalsinntekta mv. ut frå gjennomsnittslikninga, for å få denne inntekta med i grunnlaget for jordbruksfrådraget, eller å behalde gjennomsnittslikninga for heile skogsinntekta, men då ikkje få frådragsgrunnlag av vedsalsdelen mv. Valet må omfatte heile vedinntekta for det enkelte år. Det bør altså ikkje vere mogleg å overføre berre delar av denne til jordbruksinntekta. Ein viser til utkast til lovførsenget, jf. skatteloven § 14–81 første ledd ny bokstav d.

### 7.3.3 Andre særskilte spørsmål knytta til jordbruksfrådraget

I femte punktum i skatteloven § 8–1 sjette ledd om jordbruksfrådraget er det oppstilt eit krav om bu-

setting på driftseininga. I praksis har dette bustadkravet reist enkelte særskilte spørsmål.

I Ot.prp. nr. 1 (2000–2001) er det gjort greie for at dette kravet i enkelte tilfelle bør praktiserast med lempre. Eit døme på dette er at det i ein periode kan ligge føre faktiske bustadhindringar. I Ot.prp. nr. 1 (2002–2003) har departementet mellom anna likevel uttalt at «en slik lempelig praktisering av bustadkravet er forutsatt begrenset til tilfeller som omtalt i proposisjonen og mulige tilsvarende situasjoner i forbindelse med generasjonsskifte.» Departementet har på bakgrunn av enkelte konkrete tilfelle vurdert det slik at det kan være sterke grunner til å praktisere bustadkravet med ein viss lempre også utanfor generasjonsskiftetilfella. Eit slikt tilfelle kan til dømes vere at ein forpaktar av jordbruks eiendom er forhindra frå å bu på denne fordi bortforpaktaren sjølv bur i husa eller at eideomen ikkje har hus eigna som bustad. Forpaktaren bør då likevel kunne krevje jordbruksfrådrag, men under den føresetnad at han buset seg rimeleg nær jordbruks eideomen og ikkje gjer krav på jordbruksfrådrag for andre bruk som han eig eller forpaktar. Ein legg til grunn at ein bonde som er busett på eige bruk som ikkje oppfyller vilkåra for jordbruksfrådrag, vil

kunne få dette dersom vilkåra er oppfylte for eideomen han forpaktar, eventuelt for heile driftseininga dei to brukta utgjer til saman.

Ut i frå grunngjevinga for jordbruksfrådraget og det forhold at bihald- og pelsdyrnæringa er omfatta av jordbruksavtalen, er det i praksis lagt til grunn at også inntekt av slik verksemder gir rett til jordbruksfrådrag. Dette gjeld også der bihald (honningproduksjon) og pelsdyroppdrett vert drive utan å vere knytt til alminneleg jordbruk. I slike tilfelle vil næringa si art føre med seg at bustadkravet i femte punktum blir lite treffande, slik at det her vil vere behov for ei lempelig praktisering.

## **7.4 Økonomiske og administrative konsekvensar**

---

Forslaget om at inntekter frå produksjon av biobrensle skal inngå i grunnlaget for jordbruksfrådraget kan på usikkert grunnlag gi eit provenytap på om lag 15 mill. kroner i 2004.

Forslaget vil ikkje medføre vesentlege administrative konsekvensar.

## **8 Tilpassing av reglar i skattebetalingslova, likningslova og skattelova som følgje av endringar i reglane om offentleggjering av skattelistene**

Kvartråd når likninga er ferdig, skal likningskontora i kvar kommune legge ut ei liste over alle det er gjort likningsfastsetjing for, jf. likningslova § 8–8. Utlegging av skattelistene skal kunngjera. Dette skjer kort tid før utlegginga av skattelistene. Til no har ordninga vore at skattelistene har blitt lagt ut to gonger kvart år; om våren for dei med førehandsutfylt sjølvmelding, og om hausten for andre skattytarar. Utsending av melding om skatteoppgjeret til skattytarane startar samtidig med at skattelistene blir lagt ut, jf. likningslova § 8–9.

I Ot.prp. nr. 34 (2003–2004) fremma Regjeringa forslag om endringar i reglane om offentleggjering av skattelistene. Fleirtalet i finanskomiteen gjekk i Innst. O. nr. 60 (2003–2004) inn for forslaget, som blei vedteke i Odelstinget 27. april 2004. Endringane i reglane om offentleggjering av skattelistene inneber mellom anna at skattelistene i framtida berre blir lagt ut éin gong kvart år, om hausten. Ordninga med vårutlegg av skattelistene blir avvikla, med verknad for listene som blir offentleggjorde i år. Skattelistene som blir lagt ut om hausten vil heretter omfatte alle skattytarane, også dei som leverer førehandsutfylt sjølvmelding og får skatteoppgjeret i juni. Skattelistene skal ligge ute i tre veker.

Fleire reglar knyter verknader til tidspunktet for utlegginga av skattelistene, eller til kunngjeringa av at skattelistene er lagt ut. Det har ikkje vore meiningsa at endringane i reglane om offentleggjering av skattelistene skal medføre andre konsekvensar for skattytarane som leverer førehandsutfylt sjølvmelding og som til no har vore omfatta av skattelista som har blitt lagt ut i juni. Som ledd i tilpassing til den nye ordninga med utlegging av skattelistene ein gong årleg, foreslår departementet derfor tilpassingar i enkelte reglar når det gjeld desse skattytarane. For skattytarar som ikkje leverer førehandsutfylt sjølvmelding er det ikkje nødvendig med nokon endringar.

Skattebetalingslova § 23 nr. 3 fastset at restskatt forfall til betaling tre veker etter at utlegginga av skattelista er kunngjort, likevel tidligast 20. august i likningsåret. Skattebetalingslova § 48 nr. 5 fastset

at søksmål frå ein skattytar til prøving av ei likningsavgjerd må reisast innan seks månader rekna frå utlegginga av skattelistene, eller frå melding om vedtak i endringssak blei sendt skattytaren. Etter likningslova § 8–9 nr. 1 skal melding om skatteoppgjeret sendast skattytaren på same tid som, eller snarast mogleg etter at skattelistene har blitt lagt ut. Likningslova § 9–2 nr. 4 fastset at klage over likninga skal leverast innan tre veker etter at utlegginga av skattelistene blei kunngjort. Når skattytar har leverert førehandsutfylt sjølvmelding og er omfatta av skattelista som blir lagt ut i juni, må klage leverast innan 10. august, eller innan seks veker etter utlegginga vart kunngjort. Skattelova § 2–13 sjette ledd inneheld særreglar om fordeling av skatt mellom ektefellar etter at utlegginga av skattelistene er kunngjort.

Forslaget frå Regjeringa om at lister over skattytarar som får skatteoppgjeret i juni først blir offentleggjort på hausten, gjer det som nemnt nødvendig å tilpasse desse fristreglane når det gjeld skattytarane som leverer førehandsutfylt sjølvmelding. Departementet foreslår derfor at likningskontora kvart år skal kunngjere at skatteoppgjeret for skattytarane som leverer førehandsutfylt sjølvmelding, er ferdig. Ei kunngjering av at skatteoppgjeret er ferdig kan finne stad på same tid og erstatte tidlegare utlegging av skattelistene, utan at dette får konsekvensar for skattytarane. I staden for å vise til tidspunktet for utlegginga av skattelistene eller kunngjeringa av at listene er lagt ut, foreslår ein at dei rettslege verknadene i reglane som nemnt over blir knytt til tidspunktet for kunngjeringa av det ferdige skatteoppgjeret i juni. Departementet vil seinarre vurdere om ein bør sjå nærmare på reglane om utrekning av fristar.

Departementet viser til forslag til endring i skattebetalingslova §§ 23 nr. 3 og 48 nr. 5, likningslova §§ 8–9 nr. 1 og 9–2 nr. 4 og skattelova § 2–13 sjette ledd.

Departementet foreslår at endringane tek til å gjelde straks.

## 9 Retting og presisering av lovtekst

### 9.1 Likningslova

#### 9.1.1 Presisering av likningskontora si myndigkeit til å gjere vedtak om tilleggsskatt

Ved lovendringane i samband med innføring av ny årssyklus for likning av næringsdrivande fekk likningskontora myndigkeit til å avgjere endringssaker innanfor ein 12 månaders periode frå sjølvmeldingsfristen til sjølvmeldingsfristen året etter, jf. likningslova § 9-8 nr. 4. På bakgrunn av regelen i likningslova § 9-8 nr. 3 bokstav a som avgrensar likningsnemnda sitt høve til å gi likningskontora fullmakt i endringssaker, har det vore uvisse om likningskontora har høve til å gjere vedtak om tilleggsskatt i endringssaker handsama etter regelen i likningslova § 9-8 nr. 4. I førearbeida kjem det klart fram at likningskontora skal ha myndigkeit til å gjere vedtak om tilleggsskatt i desse tilfella. Det kjem også indirekte fram av likningslova § 3-11 nr. 4 siste punktum at likningskontora si myndigkeit omfattar vedtak om tilleggsskatt. På bakgrunn av den uvissa som har vore om dette, foreslår departementet at det blir presisert i § 9-8 nr. 4 at likningskontora også kan fatte vedtak om tilleggsskatt.

Departementet viser til forslag til endring i likningslova § 9-8 nr. 4. Departementet foreslår at endringa blir sett i kraft straks.

#### 9.1.2 Likningslova § 6-13A

Lov 13. juni 1980 nr. 24 om ligningsforvaltning (ligningsloven) § 6-13A regulerer utlevering av opplysningar om abonent til telefonnummer med vidare.

Departementet foreslår at uttrykket *telenett eller teletjeneste* blir endra til *elektronisk kommunikasjonsnett eller -tjeneste*. Bakgrunnen for endringa er omsynet til ein einsarta bruk av uttrykk i lovverket, jf. lov 4. juli 2003 nr. 83 om elektronisk kommunikasjon (ekomloven). Forslaget inneber inga materiell endring.

Departementet viser til forslag til endring i likningslova § 6-13A. Departementet foreslår at endringa blir sett i kraft straks.

#### 9.1.3 Likningslova § 8-10

Ved lovendring 12. desember 2003 nr. 105 vart likningslova § 4-7 endra. Som ei følgje av denne endringa blei tilvisingane i likningslova § 8-10 nr. 1 til § 4-7 nr. 6 og nr. 7 om førehandslikning, feil. Dei rette tilvisingane skal vere til § 4-7 nr. 9 og 10.

Departementet viser til forslag til endring i likningslova § 8-10 nr. 1. Departementet foreslår at endringa blir sett i kraft straks.

#### 9.1.4 Likningslova § 9-8 nr. 4

Frå 1. januar 2004 blei likningslova endra i samband med innføring av ny årssyklus for likning av næringsdrivande skattytarar, jf. lov 12. desember 2003 nr. 105. Sjølvmeldingsfristen for næringsdrivande blei som hovudregel sett til utgangen av mai i året etter inntektsåret, jf. likningslova § 4-7 nr. 1. Denne fristen byggjer på at dei næringsdrivande leverer sjølv meldinga elektronisk, gjennom skatteenaten sitt system for likning av næringsdrivande (SLN). Samstundes har ein lagt til grunn at ikkje alle næringsdrivande kan leverer sjølv meldinga elektronisk og at det i ein overgangperiode vil vere behov for ein tidlegare frist for innlevering av papir oppgåver. Derfor vart det også innført ein regel om at Skattedirektoratet kan fastsetje ein eigen sjølvmeldingsfrist for dei som leverer sjølv meldinga i papirformat, jf. likningslova § 4-7 nr. 8.

Samstundes med desse endringane fikk likningskontora myndigkeit til å avgjere endringssaker innanfor ein 12 månaders periode frå sjølvmeldingsfristen til sjølvmeldingsfristen året etter. Dette følgjer av likningslova 9-8 nr. 4. Det er lagt til grunn at likningskontora sin kompetanse skulle gjelde uavhengig av om sjølv meldinga blei levert elektronisk eller på papir. Men i likningslova § 9-8 nr. 4 er det berre vist til saker som gjeld skattytarar som leverer sjølv melding etter likningslova § 4-7 nr. 1 og ikkje til saker som gjeld dei som leverer på papir etter den særskilte fristen i § 4-7 nr. 8. Dette var ikkje meiningsa, og departementet foreslår at dette blir retta opp ved at bestemminga i likningslova § 9-8 nr. 4 også viser til § 4-7 nr. 8.

Departementet viser til forslag til endring i likningslova § 9-8 nr. 4. Departementet foreslår at endringa blir sett i kraft straks.

## 9.2 Svalbardskattelova

Ved lovendringar 12. desember 2003 blei reglane i likningslova §§ 7–3 og 7–4 om takstutval i kommunar og fylke oppheva. I svalbardskattelova § 4–3 er det framleis vist til dei oppheva reglane. Departementet foreslår at tilvisingane vert tekne bort.

Departementet viser til forslag til endring i svalbardskattelova § 4–3 andre punktum. Departementet foreslår at endringa blir sett i kraft straks.

## 9.3 Skattelova

### 9.3.1 Skattelova § 2–30

Departementet foreslår å oppheve skattefritaket for Medisinsk Innovasjon Rikshospitalet (Medinnova) i skattelova § 2–30 første ledd bokstav g nr. 2. Medinnova blei oppretta i 1986 som statsbedrift, omdanna til statsføretak i 1993 og deretter omdanna til aksjeselskap 1. november 2003. Statsføretaket Medisinsk Innovasjon Rikshospitalet er såleis avvikla, og verksemda er vidareført i selskapet Medinnova AS. Dette selskapet er skattepliktig, sjå skattelova 2–2 første ledd bokstav a. Ei vidareføring av skattefritaket for Medinnova AS er etter departementet si oppfatning ikkje aktuelt, bla. ettersom eit slikt fritak vil vere i strid med statsstøttereglane i EØS-avtalen artikkel 61. På denne bakgrunn foreslår departementet at § 2–30 første ledd bokstav g nr. 2 blir oppheva. Departementet foreslår at opphevinga trer i kraft straks og med verknad frå og med inntektsåret 2004. Av praktiske grunnar vil skatteplikta for Medinnova AS inntre frå same tidspunkt.

### 9.3.2 Skattelova § 6–3 femte ledd

Ved lov av 26. mars 1999 nr. 14 blei det vedteke ei ny lov om skatt av formue og inntekt (skatteloven).

Lova var ein teknisk revisjon av tidlegare gjeldande skattelovgjeving, og skulle ikkje føre til realitetsendringar. Føresegna i § 6–3 femte ledd i skattelova frå 1999 skal føre vidare det materielle innhaldet i § 45 andre ledd femte punktum i skattelova frå 1911. Denne føresegnen i lova frå 1911 blei endra ved lov 27. mars 1998 nr. 12, og fekk då følgjande ordlyd:

«Når det i overenskomst med fremmed stat er bestemt at inntekt eller gevinst skal være unntatt fra skattlegging i Norge, kommer tilhørende utgift eller tilsvarende tap ikke for noen del til frådrag ved ligning av inntekt her i landet.»

Hovudføremålet med lovendringa i 1998 var å etablere ein klar og allmenn lovheimel for å nekte frådrag for tap i tilfelle der ein motsvarande gevinst ville vore unntatt frå norsk skattlegging etter skatteavtale med framand stat. Ein viser til Ot.prp. nr. 35 (1997–1998). Ved ein feil fekk § 6–3 femte ledd ved vedtakinga av den nye skattelova i 1999 ein ordlyd der det ikkje klart går fram at frådrag skal nektast for tap, når ein motsvarande gevinst er unntatt frå norsk skattlegging etter skatteavtale. Med bakgrunn i lovendringa frå 1998 og føremålet bak lovrevisjonen i 1999, er det likevel ikkje tvil om at § 6–3 femte ledd i skattelova frå 1999 er slik å forstå. Etter departementet si oppfatning bør dette gå klart fram av ordlyden i lovføresegna. Ein viser til forslag til endring i skattelova § 6–3 femte ledd.

Finansdepartementet

t i l r å r :

At Dykker Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om lov om endringar i skatte- og avgiftslovgivinga mv.

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak til lov om endringar i skatte- og avgiftslovgivinga mv. i samsvar med eit vedlagt forslag.

## Forslag

### til lov om endringar i skatte- og avgiftslovgivinga mv.

#### I

I lov 21. november 1952 nr. 2 om betaling og innkreving av skatt gjer ein desse endringane:

§ 23 nr. 3 skal lyde:

3. Restskatten forfaller til betaling 3 uker etter at *det ferdige skatteoppgjøret eller utleggingen av skattelisten er kunngjort, likevel tidligst 20. august i ligningsåret*. Er restskatten minst kr 1.000, forfaller den til betaling i to like store terminer. Første termin forfaller som i første punktum, mens annen termin forfaller 5 uker senere.

§ 48 nr. 5 skal lyde:

5. Søksmål fra en skattepliktig til prøving av ligningsavgjørelse må reises innen 6 måneder regnet fra utleggingen av skattelisten til ettersyn, eller fra melding ble sendt til skattyteren om vedtak i endringssak. *Når den skattepliktige har levert forhåndsutfylt selvangivelse og får tilsendt skatteoppgjør i juni, er søksmålsfristen 6 måneder fra det ferdige skatteoppgjøret ble kunngjort eller vedtak i endringssak ble sendt skattyteren.* Etter utløpet av fristen kan ligningsavgjørelse heller ikke bringes inn til prøving ved tingretten i sak om tvangsfyllbyrdelse eller midlertidig sikring. Slik prøving skal likevel alltid kunne kreves inn til 3 måneder etter den forføyning som det klages over. Det kan gis oppreisning mot oversittelse av fristen på de vilkår som er fastsatt i lov om domstolene § 153 og § 154 første ledd.

#### II

I lov 19. juni 1964 nr. 14 om avgift på arv og visse gaver gjer ein denne endringa:

§ 2 åttande ledd nytt tredje punktum skal lyde:

*Grunnlaget etter første punktum reduseres med skatt på avkastning som regnes som fordel vunnet ved kapital etter skatteloven § 5–20 annet ledd b.*

#### III

I lov 19. juni 1969 nr. 66 om merverdiavgift gjer ein desse endringane:

§ 14 tredje ledd første punktum skal lyde:

Når fradrgsrett ikke er avskåret etter § 22, skal det også svares avgift som ved uttak når personkjøretøy bruker til annet enn som salgsvarer, eller

*som utleiekjøretøy i yrkesmessig utleievirksomhet eller som middel til å transportere personer mot verdslag i persontransportvirksomhet.*

§ 65 bokstav a første punktum skal lyde:

Departementet kan gi forskrift om at det skal betales avgift av tjenester som innføres fra utlandet, *Svalbard eller Jan Mayen*, og som er avgiftspliktige ved innenlands omsetning.

#### IV

I lov 19. juni 1969 nr. 66 om merverdiavgift gjer ein denne endringa:

§ 14 tredje ledd tredje punktum skal lyde:

*Som personkjøretøy anses også campingtilhenger og motorvogn registrert som varebil klasse 1.*

#### V

I lov 13. juni 1980 nr. 24 om ligningsforvaltning (ligningsloven) gjer ein desse endringane:

§ 6–13A skal lyde:

Når særlege hensyn gjør det nødvendig, og det foreligger mistanke om overtredelse av bestemmelser gitt i eller i medhold av denne lov, kan Skattedirektoratet, eller den direktoratet gir fullmakt, pålegge tilbyder av tilgang til *elektronisk kommunikasjonsnett eller -tjeneste* å gi opplysninger om navn og adresse til en abonnent som ikke har offentlig telefonnummer, telefaksnummer eller personsøkernummer.

§ 8–9 nr. 1 skal lyde:

1. *Når skatteoppgjøret er ferdig, skal det snarest mulig kunngjøres og sendes melding til skattyteren om dette. Melding om fastsetting etter § 8–6 nr. 5 sendes selskapets styre og daglig leder. Nr. 2 gjelder tilsvarende.*

§ 8–10 nr. 1 skal lyde:

1. Forhåndsligning etter § 4–7 nr. 9 eller nr. 10 skal omfatte skattyterens inntekt i det løpende inntektsår og inntekt og formue i det foregående inntektsår hvis ligningen for dette år ikke er lagt ut etter § 8–8.

§ 9–2 nr. 4 skal lyde:

4. Klage over ligningen må leveres innen tre uker etter at utleggingen ble kunngjort. Når skattyster har levert forhåndsutfylt selvangivelse og *får tilsendt skatteoppgjør i juni*, skal klage over ligningen leveres innen 10. august eller innen seks uker etter at *det ferdige skatteoppgjøret ble kunngjort*. Er skattyterens oppgaver fravæket som angitt i § 8–3 nr. 1 jfr. nr. 2 uten at påbudt varsel er sendt, kan klage over fraviket likevel leveres innen tre uker etter at skattyteren ble oppmerksom på fraviket, men ikke mer enn tre år etter inntektsåret.

§ 9–8 nr. 4 skal lyde:

4. Ligningskontoret avgjør endringsspørsmål, *herunder vedtak om tilleggsskatt, i saker som tas opp etter § 9–5 nr. 1 a, dersom saken gjelder skattyster som skal levere selvangivelse etter § 4–7 nr. 1 og 8 og ny ligningsavgjørelse foreligger innen ett år etter utløpet av selvangivelsesfristen i § 4–7 nr. 1.*

## VI

I lov 29. november 1996 nr. 68 om skatt til Svalbard gjer ein denne endringa:

§ 4–3 andre punktum skal lyde:

I ligningsloven unntas fra anvendelse kapittel 5 om *regnskapsplikt*, § 8–5 om særskilt avgjørelsесmyn-dighet samt § 8–6 om stedet for ligning.

## VII

I lov 26. mars 1999 nr. 14 om skatt av formue og inntekt (skatteloven) gjer ein desse endringane:

§ 2–11 første og andre ledd skal lyde:

Særskilt ligning av ektefellers *inntekt*

(1) Har begge ektefeller inntekt, kan hver av dem kreve *at inntekten lignes særskilt*.

(2) Særskilt ligning gjennomføres også uten at ektefellene har fremsatt krav om det, hvis det gir lave *eller samme samlede* skatt som ligning under ett.

§ 2–11 fjerde ledd blir oppheva.

§ 2–13 første ledd skal lyde:

(1) Ektefeller som helt eller delvis er lignet under ett, jf. §§ 2–10 og 2–12 bokstav a andre punktum, skal ha skatt av

- alminnelig inntekt fordelt etter størrelsen av den alminnelige inntekt hver ektefelle har,*
- personinntekt fordelt etter størrelsen av den personinntekt hver ektefelle har,*

- c. *formue fordelt etter størrelsen av den nettoformue hver ektefelle har.*

Andre, tredje, fjerde, femte og sjette ledd blir oppheva. Sjuande ledd blir andre ledd.

§ 2–14 skal lyde:

§ 2–14 Ligning av barns formue og inntekt

(1) *Når barn er 16 år eller yngre ved utløpet av inntektsåret, skal barnets inntekt og formue lignes med en halvpart på hver av foreldrene hvis foreldrene lever sammen ved utgangen av året. Foreldrene kan kreve en annen fordeling.*

(2) *Lever ikke foreldrene sammen ved utgangen av året, lignes barnet sammen med den av foreldrene som barnet er folkeregistrert sammen med på dette tidspunkt. Hvis denne av foreldrene ikke har hatt omsorgen for barnet det meste av året, kan vedkommende kreve at barnets formue og inntekt lignes hos den annen hvis sistnevne har hatt omsorgen for barnet det meste av året.*

(3) *Særkullsbarns formue og inntekt lignes med en halvpart hos hver av ektefellene. Den av ektefellene som ikke er barnets biologiske mor eller far og som heller ikke har adoptert barnet, kan kreve at barnets formue og inntekt tas med hos den andre ektefellen.*

(4) *Barn som i inntektsåret er 13 år eller eldre, lignes likevel særskilt for sin arbeidsinntekt.*

Overskrifta til § 2–16 skal lyde:

*Meldepliktige samboere*

§ 2–16 første ledd skal lyde:

(1) Bestemmelsene i §§ 2–10 til 2–15 gjelder tilsvarende for samboere hvor den ene er pensjonist med meldeplikt i henhold til folketrygdeloven § 25–4 første ledd første punktum.

§ 2–30 første ledd bokstav g nr. 2 blir oppheva.

§ 5–15 første ledd ny bokstav m. skal lyde:

*m. utbetalinger fra statens kompensasjons- og opp-reisningsordning for pionerdykkere.*

§ 5–20 andre ledd skal lyde:

- (2) Som fordel vunnet ved kapital regnes
- årlig avkastning på sparedelen av en livsforsikring (kapitalforsikring) med garantert avkastning, for forsikringstakeren,*
  - avkastning på sparedelen av en livsforsikring (kapitalforsikring) med investeringsvalg uten garantert avkastning.*

Departementet kan gi forskrift om beregning av avkastning. *Dette ledd gjelder livsforsikring (kapitalfor-*

*sikring) i forsikringsselskap hjemmehørende i en stat innenfor EØS-området.*

§ 5–21 andre ledd ny bokstav c skal lyde:

c) *hvor skatting skjer ved utbetaling etter § 5–20 annet ledd*

Overskrifta til § 6–47 skal lyde:

Trygdedes tilskudd *m.v.* til forsikrings- og pensjonsordninger

§ 6–47 nytt andre ledd skal lyde:

*Det gis fradrag for tap på sparedelen ved utbetaling fra en individuell livrente etter § 5–41 første ledd og livsforsikring (kapitalforsikring) i forsikringsselskap hjemmehørende i en stat innenfor EØS-området. Departementet kan i forskrift gi regler til utfylling og gjennomføring av første punktum.*

§ 6–48 første ledd fjerde punktum skal lyde:

*Fradrag gis med en halvpart hos hver av ektefellene eller samboerne, dersom de ikke er enige om en annen fordeling.*

§ 8–1 sjette ledd nytt andre punktum skal lyde:

*I tillegg til jordbruksinntekten kan det i fradragsgrunnlaget velges å ta med nettoinntekt fra produksjon av biomasse til energiformål, herunder vedproduksjon.*

Tidlegare andre til åttande punktum blir nytt tredje til niande punktum.

§ 14–81 første ledd ny bokstav d skal lyde:

*Ved fastsettelse av avkastning av skog regnes ikke med nettoinntekt fra produksjon av biomasse til energiformål, dersom bonden har valgt å føre slik nettoinntekt som jordbruksinntekt i henhold til skatteloven § 8–1 sjette ledd andre punktum.*

Noverande bokstav d blir ny bokstav e.

## VIII

I lov 26. mars 1999 nr. 14 om skatt av formue og inntekt (skatteloven) gjer ein desse endringane:

§ 2–13 nr. 6 skal lyde:

6. Fristen i femte ledd gjelder ikke ved dødsfall, separasjon og skilsmisse. Etter at *det ferdige*

*skatteoppkjøret eller* utlegging av skattelister er kunngjort, kan fordeling likevel bare kreves når den ubetalte del av den skatt som er utlignet under ett for inntektsåret, utgjør minst 300 kroner. Krav om fordeling skal i så fall rettes til skatteoppkreveren. Skatteoppkreveren oversender henvendelsen til ligningskontoret, som foretar fordeling av utlignet skatt.

§ 6–3 femte ledd skal lyde:

Når det i skatteavtale med fremmed stat er bestemt at inntekt skal være unntatt fra skatting i Norge, kommer tilhørende kostnad *eller tilsvarende tap* ikke for noen del til fradrag ved ligning av inntekt her i landet.

## IX

I lov 12. desember 2003 nr. 108 om kompensasjon av merverdiavgift for kommuner, fylkeskommuner mv. gjer ein desse endringane:

§ 3 nytt andre ledd skal lyde:

*Det ytes også kompensasjon for merverdiavgift betalt ved innførsel av varer fra utlandet, Svalbard og Jan Mayen og for merverdiavgift ved kjøp av tjenester fra utlandet.*

§ 10 nytt andre ledd skal lyde:

*For virksomheter som bruker årsoppgave er forelelsefristen to år. Fristen regnes fra utgangen av det kalenderår som kompensasjonskravet oppsto.*

Noverande andre ledd blir til tredje ledd.

§ 11 nytt andre ledd skal lyde:

*Kravet på tilbakebetaling med tillegg av renter er tvangsgrunnlag for utlegg. Kravet er tvangskraftig selv om grunnlaget er påklaget eller innbrakt for domstolene.*

## X

Endringane under I, III, V, VI, VIII og IX tek til å gjelde straks.

Endringane under II og VII tek til å gjelde straks, med verknad frå og med inntektsåret 2004.

Endringane under IV blir sett i kraft frå 1. juli 2004.